

Sandøy kommune

-under høg himmel med vid horisont



Årsmelding 2017

Innhold

Rådmannens kommentar	3
Mål for Sandøy kommune	5
Intensjonsavtalen for Nye Ålesund	6
Organisering.....	7
1.1 <i>Politisk organisasjon</i>	7
1.2 <i>Administrasjon</i>	7
Folkevalde	9
2.1 <i>Aktivitet 2017</i>	9
Samfunn.....	11
3.1 <i>Folketalsutvikling</i>	11
3.2 <i>Næring og sysselsetting</i>	15
Felles prioriterte område	19
4.1 <i>Folkehelse</i>	19
4.2 <i>Barn og unge</i>	20
4.4 <i>Nye Ålesund</i>	23
4.3 <i>150 års jubileet</i>	24
Økonomi.....	25
5.1 <i>Driftsrekneskap</i>	25
5.2 <i>Investeringsrekneskap</i>	27
5.3 <i>Finansielle nøkkeltal</i>	29
Kommunal verksemd	32
6.1 <i>Generelt</i>	32
6.2 <i>Arbeidsgivar</i>	32
Tenestene	35
7.1 <i>Folkevalde styringsorgan og fellestjenester – sentraladministrasjon</i>	35
7.2 <i>Oppvekst og kultur</i>	41
<i>Administrasjon</i>	41
<i>Undervisning</i>	42
<i>Barnehage</i>	49
<i>Kultur</i>	54
7.3 <i>Nav, barnevern, rus og sosiale teneste</i>	59
7.4 <i>Helse- og omsorgsteneste</i>	64
7.5 <i>Teknisk teneste</i>	71

Rådmannens kommentar

I 2017 var det to sentrale markeringar. 150 års jubileet for Sandøy kommune vart feira med mange ulike arrangement der lag og organisasjonar bidrog. Og det var starten på arbeidet med Nordøyvegen.

Folketalet auka med 17 personar frå 2016 til 2017, frå 1246 til 1263. Det var ein nedang i 2016. Det er framleis grunn til å ha fokus på kva som må til for å auke folketalet. Sentralt er mellom anna arbeid, barnehage, bustader, kommunikasjonar og kultur- og fritidstilbod.

Kommunereforma har også i 2017 vore det største prosjektet i kommunen. Når fem kommunar med over 60 000 innbyggjarar og snaut 5000 tilsette skal bli til ein ny kommune, krev det mykje. I 2017, som i 2016, vart det derfor brukt mykje ressursar på kommunereformarbeidet, i første rekke i form av deltaking frå tilsette og politikarar. Samarbeid og møte styrkar felleskap og tillit. Det er viktig å effektivisere arbeidet, involvere innbyggjarane og sikre god balanse mellom dagens drift og utvikling av ein ny kommune

Eitt av dei sentrale måla i intensjonsavtalen for nye Ålesund er at dei kommunale tenestene og dermed arbeidsplassane skal vere nært brukarane samtidig som tilsette blir del av eit større fagmiljø med spesialiserte tenester tilgjengeleg. Kommunedelutval og samskaping med lag og organisasjonar m.fl. blir vesentleg i arbeidet med utvikling av lokalsamfunnet.

Ei krevande sak har vore eventuell grensjustering der øyane Ona, Sandøya, Orta, Seterøya, Gåsøya, Lyngværet og Flatflæsa går over til Aukra kommune. Det er ulike syn i kommunen.

Det har vore arbeidd med mange prosjekt i kommunen. Sentralt er Sandøytunet som skal romme mange funksjonar, nye kommunale bustader og idrettsbanen.

Arbeidsmiljøundersøkinga viste at det var høg mestring og høge jobbkrav. Det er mange som gjer ein stor innsats for å sikre innbyggjarane gode tenester. Det er viktig å ha fokus på innbyggjarane og arbeide vidare med brukar- og innbyggjarmedverknad. Arbeidsmiljøet må også ha merksemd. Det er særleg viktig i ei tid med store omstillingar.

Resultatet for 2017 var eit mindreforbruk på 3,4 mill. kroner. (4,3 mill i 2016) Dette skuldast blant anna oppgåver som ikkje vart prioritert, og problem med rekruttering. Sandøy kommune har høg lånegjeld, men også høgt disposisjonsfond. Midlane er plassert utan stor risiko. Tilstanden samla sett er på mange måtar god. Dette er eit godt utgangspunkt for lokalsamfunnet når ein er på veg inn i ein ny større kommune.

Ei stor takk til tilsette, tillitsvalde, politikarar og andre for mykje godt arbeid og samarbeid for kommunen i 2017. Kim A. Breivik var konstituert rådmann fram til 1.9.2017. Vi avsluttar som han i årsmeldinga for 2016: «Alt ligg til rette for at vi skal lykkast på alle mulege område, og kan vi skape gjensidig tillit og ynskje kvarandre vel - er vi langt på veg.»

Harøy 14.4.2018

Anny Sønderland

Rådmann



Visjon

«Under høg himmel med vid horisont»

Verdiar

Likeverd, ansvar, samhandling

Mål for Sandøy kommune

Kommuneplan for Sandøy kommune 2011-2023. Samfunnsdelen.

Sandøy kommune skal

- Legge til rette for utvikling av det eksisterande næringslivet, og stimulere til etablering av nye og livskraftige arbeidsplassar.
- Utvikle gode levevilkår for alle, med særleg fokus på barn og unge. Det førebyggande folkehelsearbeidet skal tilleggjast stor vekt.
- Sikre gode samferdselstilhøve, stabil tilførsel av straum og vatn og framtidige krav til datakommunikasjon.
- Sjølv vere med på å avklare og definere kommunesamfunnet sin plass og rolle i framtida.
- Sikre og utvikle eit mangfaldig kulturliv som kan høgde trivselen og samhaldet i lokalsamfunnet. Kommunen skal ivareta kulturlandskapet, kulturminne og kulturmiljø og ein berekraftig natur.
- Tryggje og utvikle tenestetilbodet for alle innbyggjarar i kommunen.
- Gjennom planlegginga si legge til rette for ei positiv utvikling i folketalet. Kommunen skal forvalte land- og sjøarealt på ein måte som tener næringsutvikling, busetjing, trivsel og oppleveling.



Intensjonsavtalen for Nye Ålesund

Ordførarane i dei fem kommunane Ørskog, Ålesund, Skodje, Haram og Sandøy signerte ein oppdatert intensjonsavtale 19. juni 2017.

Den overordna målsettinga med intensjonsavtalen er å sikre:

- Gode og likeverdige tenester der folk bur, gitt av kompetente fagfolk.
- Godt og vel fungerande lokaldemokrati, med lokalt engasjement og medverknad.
- Ei samfunnsutvikling som realiserer mulighetene for at heile bu- og arbeidsregionen vert tatt i bruk, og som gir konkurransekraft til næringslivet.
- Rettstryggleik og verdigheit i alle tenestene.

Nokre utvalde målsettingar:

- Sikre ei samordna planlegging for utvikling av både by og omland, møte dei store utfordringane i samfunnet gjennom miljøstrategi, folkehelsestrategi, tenesteutviklings- og innovasjonsstrategi og nyskaping i næringslivet. Samferdselsprosjekt og kollektivløysingar som vil knyte heile kommunen saman.
- Skape ein sterk organisasjon i samspel med andre for å utvikle regionen. Både tettstader og bygder skal delta og finne sin plass i ei heilskapleg utvikling. Dei kommunale tenestene og dermed arbeidsplassane skal vere nært brukarane samtidig som tilsette blir del av eit større fagmiljø med spesialiserte tenester tilgjengeleg. Ta vare på innbyggjarane sin rettstryggleik.
- Den politiske organisering skal sikre heilskapleg planlegging for regional slagkraft og lokal medverknad på kommunedelnivå. Nye former for medverknad.
- Forsvarleg økonomisk handlingsrom for sikre gode tenester til innbyggjarane. Lånegjeld på forsvarleg nivå, betale ned gjeld i tråd med avskrivingar, tilstrekkeleg stort disposisjonsfond.
- Tillitsfullt samarbeid for å styrke effektivitet, innovasjon, kvalitet og trivsel. Kompetanseutvikling og innovativt samarbeid. Utvikle tre-partsamarbeid (politikarar, administrativ leiing og fagforeiningar) for å utvikle dei kommunale tenestene.




Organisering

1.1 Politisk organisasjon



1.2 Administrasjon



Sandøy Kommunestyre

Arbeiderpartiet

* Formannskap



Ordførar

Oddvar Myklebust *



Åse Kristin Ask Bakke*



Espen Myklebust *



Sigmund Haugen



Stein Inge Skogen



Ann Elin Harnes



Roy André Hauge



Lodvar Espeland



Lena Kristin Husøy



Martin Helge S. Fitje

Høgre



Jessica Gärtner*



Nils Magne Abelseth



Olav Egil Ellevset



Helge Ervik



Andrine Finnøy



Ann Elin A. Harnes

Venstre



Hildegard Maier*



Odd Arve Orten



Robert Coates

Folkevalde

2.1 Aktivitet 2017

Tabellen nedanfor viser oversikt over antal møter og antal saker som har vore gjennomført og behandla i løpet av 2017 i dei ulike politiske organa:

	Antall møter	Antall saker
Kommunestyret	12	102
Formannskapet	19	140
Eldrerådet	5	23
Rådet for likestilling av funksjonshemma	5	24


Større politiske saker som blei behandla i 2017

- Planstrategi for Sandøy kommune 2016-2020
- Årim Strategi 2017-2025
- Folkehelse: 3-årig prosjekt – Kva er viktig for oss?
- Reguleringsplan for Myklebust høgdebaseng - eigegodkjenning
- Sandøy kommune sitt 150 - års jubileum
- KMD-prosjekt – 2017-2019: Fornyng av lokaldemokratiet i kommunar med vedtak om samanslåing
- Akseptkriterie for ROS-analyse brann og redning i Sandøy kommune
- Fastsetting av husleige og praksis for regulering av husleige i kommunale utleigebustadar
- Tilsetting av rådmann for Sandøy kommune
- Tal på medlemmar i det nye kommunestyret
- Reglement og mandat for fellesnemnda
- Opprettning av andre fellesorgan i tillegg til fellesnemnda
- Namn på den nye kommunen
- Oppdatering av intensjonsavtalen
- Heilskafeleg ROS analyse for Sandøy kommune
- Risiko-og sårbarheitsanalyse brann og redning i Sandøy kommune
- Tilstandsrapport for grunnskolen i Sandøy kommune 2017
- Handlingsplan og økonomiplan 2018-2021, årsbudsjett 2018



Synfaring på Sandøytunet


Brutto driftsutgift politisk styring, kontroll og revisjon i kr. per innbygger



Utgifter til kontroll og revisjon (KOMREV3 IKS og Sunnmøre Kontrollutvalsekreteriat IKS) har auka jamt sidan 2014.

Utgifter til politisk styring auka frå 2014 til 2016, medan utgiftene vart lågare i 2017.

Netto driftsutgifter til styring og kontroll i prosent av totale netto driftsutgifter




Sandøy kommune sin andel til styring og kontroll er høgare enn dei fire andre samanslåingskommunane. Sjølv om andelen er redusert sidan 2015 har ein likevel høgare utgifter enn referansegruppa, kostragruppe 05.

Samfunn

3.1 Folketalsutvikling

Folketalsutvikling i Møre og Romsdal dei 10 siste åra 2007-2017




Folketalsutvikling i Sandøy kommune


	2015	2016	2017
Innbyggere (antall)	1270	1246	1263
Fødte i løpet av året (antall)	9	6	9
Døde i løpet av året (antall)	19	17	15
Innflyttere (antall)	50	44	60
Utflytting (antall)	32	58	37
Pendler ut av bostedskommunen (antall)	64	63	*

Folketalet auka med 17 personar i 2017, medan det var ein svak nedgang i perioden frå 2007 til 2017. Kommunen har eit fødselsunderskot med 6 personar i 2017 mot 11 i 2016. Antal personar som flytta til Sandøy kommune var høgare enn tal personar som flytta frå kommunen i 2017, eit overskot på 23 personar. I 2016 var det 14 fleire personar som flytta frå kommunen, enn tal personar som flytta til kommunen. Tal personar som pendlar ut av kommunen har vore jamt dei siste åra. (*Statistikk for 2017 er ikkje publisert enda.)

Utvikling menn per aldersgruppe



Utvikling kvinner per aldersgruppe




Det er små forskjellar mellom andel kvinner og menn i aldersgruppa 0-5 år og 16-19 år i 2018. I aldersgruppa 6-15 år og 20-66 år er det høvevis 32 og 37 fleire menn enn kvinner. I aldersgruppa 67 år eller eldre er det 28 fleire kvinner enn menn.

Menn	2015	2016	2017	2018
0-5 år	50	43	36	33
6-15 år	87	96	91	98
16-19 år	34	29	33	30
20-66 år	378	391	381	376
67 år eller eldre	99	105	109	115
Kvinner	2015	2016	2017	2018
0-5 år	31	30	28	30
6-15 år	61	61	64	66
16-19 år	42	42	37	33
20-66 år	339	335	328	339
67 år eller eldre	141	138	139	143
Totalt	1262	1270	1246	1263


Fordeling av folketal per grunnkrets i Sandøy kommune

	2011	2012	2013	2014	2015	2016	2017	2018
15460101 Myklebost	244	246	221	216	199	202	216	218
15460102 Røsok	111	114	109	103	106	102	103	102
15460103 Bruvoll/Morsund	137	139	142	150	148	154	149	151
15460104 Steinshamn/Harnes	513	485	494	489	481	486	460	451
15460105 Huse	122	122	117	118	118	115	114	132
15460106 Finnøy	131	135	134	133	134	136	133	143
15460107 Orten	9	8	8	7	7	11	11	12
15460108 Sandøy	36	38	37	40	36	38	36	35
15460109 Ona/Husøy	29	25	24	24	23	18	20	18
15469999 Uoppgett grunnkrets	-	3	5	5	10	8	4	1


Grunnkretsar med høgast vekst frå 2017-2018 er Huse og Finnøy med høvevis 18 og 10 personar. Grunnkretsen med høgast fråflytting er Steinshamn/Harnes med 9 personar. Øvrige grunnkretsar har mindre endringar frå 2017-2018.



Innvandrarar etter region, utvalde år



Innvandrar etter land (15 største landa)




Innvandring frå Europa inkl. Tyrkia har minka sidan 2014 og fram til 2017. Innvandring frå Asia har auka jamt sidan 2010 i Sandøy kommune. Det er størst andel innvandring frå landa Polen, Litauen, Tyskland og Ukraina i 2017.


3.2 Næring og sysselsetting

Næringsstruktur

- Maritim klynge
- Petroleum
- Prosessindustrien
- Fiskeri / Havbruk
- Møbel / Trevare
- Landbruksbasert næringsverksemeld
- Bergverk / Stein / Mineral
- Tekstil / konfeksjon
- Reiseliv



Kjønnsdelt arbeidsmarked i kommunen, 2016




Tala frå 2016 syner ei større overvekt av menn i «sekundærnæringer» og «jordbruk, skogbruk og fiske», medan det er overvekt av kvinner i «helse- og sosialtenester» og «undervisning».


Utvikling i Sandøy kommune

Næring	2015	2016	2017
01-03 Jordbruk, skogbruk og fiske	42	44	44
05-09 Bergverksdrift og utvinning	10	10	7
10-33 Industri	205	189	183
35-39 Elektrisitet, vann og renovasjon	15	15	18
41-43 Bygge- og anleggsvirksomhet	21	21	23
45-47 Varehandel, reparasjon av motorvogner	34	33	34
49-53 Transport og lagring	74	73	74
55-56 Overnattings- og serveringsvirksomhet	18	23	17
58-63 Informasjon og kommunikasjon	0	0	3
64-66 Finansiering og forsikring	3	3	3
68-75 Teknisk tjenesteyting, eiendomsdrift	11	11	9
77-82 Forretningsmessig tjenesteyting	14	13	13
84 Off.adm., forsvar, sosialforsikring	23	26	26
85 Undervisning	41	42	43
86-88 Helse- og sosialtjenester	111	114	103
90-99 Personlig tjenesteyting	13	12	13
00 Uoppgett	8	5	3

Tabellen viser antall syselsatte personar busatt i Sandøy kommune per næring. Det er mindre endringar i dei fleste næringane frå 2016 til 2017 bortsett frå innan «helse- og sosialtenester» som er redusert med 11 personar. Dei fleste av innbyggerane er sysselsett innan «industri», «informasjon og kommunikasjon», samt «transport og lagring».



Arbeidsplassdekning 2016



Arbeidsmarknad og ledigheit

Året 2017 har vore utfordrande for enkelte mekaniske bedrifter i kommunen – spesielt bedrifter som har hatt arbeid knytta opp mot oljerelatert industri. Andre bedrifter som ikkje er oljerelatert, har gått bra. Fleire av dei har også auka tal på tilsette i 2017. Reiselivsbedriftene hadde også eit bra år i 2017, men ikkje så godt som i 2016. Innan dei andre næringane – jordbruk, fiske, varehandel, bygg- og anlegg m.m., har det også vore stabil aktivitet.

Talet på heilt arbeidsledige i Sandøy kommune har stort sett vore stabilt gjennom året 2017. Ved utgangen av 2016 (desember) var det 11 heilt arbeidsledige, dette utgjer 1,6% av arbeidsstokken. Gjennomsnittet i fylket var på 3,1% og i heile landet 2,8%. I desember 2017 var det 12 heilt arbeidsledige i kommunen, det vil sei 1,8%. Gjennomsnittet i fylket var på 2,4% som var likt gjennomsnittet for heile landet.

Tilrettelegging og støttemidlar til næringslivet

Kommunen behandla ein søknad om tareoppdrett i 2017.

Støttemidlar for nyetableringar og lokalt næringsliv gjennom hoppid ordninga og forvaltning av Sandøy kommune sitt næringsfond i 2017 blir ivaretake av Innovasjonsselskapet ÅKP AS (tidligere Ålesund Kunnskapspark). Selskapet skal bidra til å skape fremtidas arbeidsplassar

og ein attraktiv bu- og arbeidsregion. Det blir lagt vekt på utvikling av betre samspel mellom næringsliv, akademia og offentlege styresmakter. Selskapet er eid 50 prosent av offentlege aktørar og 50 prosent av privat næringsliv i regionen. Dei største eierne er SIVA (24%), Ålesund kommune (19 %) og Sparebanken Møre (12%). ÅKP driftar i dag hoppid-kontora fleire kommunar, Ålesund og Sandøy av dei som går inn i nye Ålesund. Møre og Romsdal fylkeskommune ved regional og næringsavdelinga forvaltar midlar til nærings- og utviklingstiltak i kommunane. Ein del av disse midlane blir kanalisert gjennom førstelinjetjenesta hoppid.no og gjennom næringsfonda. Informasjon som motiverer lokalt næringsliv er viktig. ÅKP har ei «opa dør» for nyetablerarar og etablert næringsliv, og deltok på lokalt arrangement i 2017.

For 2017 er aktiviteten i Sandøy i form av tall som vist i tabellen nedanfor. I tabellen er også innlagt disposisjonar hittil i 2018. Det er eit avvik i tallgrunnlaget for næringsfond 2017. Iflg. fylkets oversikt skal næringsfondet per 1.1.2018 vere 683 000 kroner. Med utgangspunkt i tabellen nedanfor er talet summert 673 000 kroner.

Hoppid	2017	2018
Bevilget fra fylket	160 000	60 222
Antall søknader	6	1
Antall søknader innvilget	4	1
Tildelt beløp	79 200	22 000
Til disponering	80 800	119 022

Næringsfond	2017
Saldo 01.01	523 000
Bevilga frå fylket	500 000
Antall søknadar	5
Antall søknadar innvilga	3
Tildelt beløp	350 000

Sandøy kommune er del av Region Ålesund saman med kommunane Giske, Haram, Skodje, Sula, Ørskog og Ålesund. Målet er å bygge et regionalt partnarskap som skal legge til rette for en fremtidsretta og attraktiv byregion for både nærings- og samfunnsliv.



Felles prioriterte område

Sandøy kommune hadde fleire område som det skulle leggjast vekt på i driftsåret 2017, jamfør budsjett og økonomiplan 2017-2020. Nokre har ein klart å lykkast med, og andre vil få meir fokus i 2018, jamfør vedteken handlingsplan.

4.1 Folkehelse

Prosjekta for barn og unge, sjå eige punkt, er Sandøy kommune si særskilte satsing innanfor folkehelse. Folkehelse skal gjennomsyre alle einingane. Turstiar er eitt av tiltak som har vore prioritert i 2017.

Turstiar

Turstien frå Vonheimspllass gjennom vindmølleparken til Brunvoll har gjennomgått ei stor rehabilitering i 2017. Stien har fått ny duk og grus. Røtter og stubbar som er kome opp av gamal duk, er fjerna, og eldre glatte trebruer er erstatta med stikkrenner. Det er også lagt ned fleire stikkrenner for å føre vatn bort frå stien. Rehabiliteringa har auka brukstida til stien, og det er no tryggare å ferdast der. For å betre tilgjengeligheta er starten ved «Vonheimspllass» lagt om slik at den første biten på ca 175 m er opparbeida næraast som ei «Helseløype» med breiare gangsti utan store stigningar og med lys. Etter ca 175 m er det opparbeidd ei tomt for ein gapahuk. Denne er planlagt satt opp på dugnad i 2018. Turstien er eit godt lågterskeltilbod og er svært mykje brukt.



4.2 Barn og unge

Barn og unge var eit av fokusområda til Sandøy kommune i 2017. Kommunen har eit mål om å vere ein god oppvekstcommune for alle barn og unge, med vekt på attraktive og utviklande oppvekstmiljø i heile kommunen. Kommunen har ulike satsingar for å sikre dette.

Prosjekt «Kva er viktig for oss?»

Prosjektet har ei sentral rolle i folkehelsearbeidet og det heilheitlege arbeidet for barn og unge i kommunen. Prosjektet har ei varigheit på tre år. Samhandling mellom sektorar, frivilligheit, næringsliv og foreldre er prioritert. Styrking av foreldrerolla er eit mål. Foreldre er dei viktigaste i barn og unge sine liv. Eit bevisst forhold til kva som er viktig for oss, er også eit tema som vi ser nytta av i det vidare arbeidet med kommunereform. Fase 1 er gjennomført med folkemøte 2. mars 2017 som danna grunnlag for det vidare arbeidet. Etter folkemøteg er svar gjennomgått og delmål er konkretisert. Det er sett ned fire arbeidsgrupper med breidde i deltaking.
Arbeidsgruppe 1: Fritid/aktivitet
Arbeidsgruppe 2: Skule og psykisk helse
Arbeidsgruppe 3: Frivillig sektor
Arbeidsgruppe 4: Foreldrerolla
Det er planlagt psykisk helse som tema i Harøy skule i veke 7/2018, med kveldskurs i «psykologisk førstehjelp» for foreldre/ tilsette. Kva er viktig for oss er skal videreførast i 2018- 2019.

Aktivitetsveka

For 6. år på rad var det arrangert Aktivitetsveke i Sandøyhagen i starten av juli. Det var tilbod om aktivitetar innan områda dans, fotball og friluftsliv etter alder. Ca 80 barn, unge og vaksne deltok. Mange unge fekk og prøve seg på første sommerjobb som assistenter i gruppene. I tillegg til hovudaktivitetane var deltakarar aktive i mange greiner: MAKs, på bading i Håp i havet, bogeskyting, retroleik og taekwon-do.

Torsdag var det invitert til avslutningssamling i Sandøyhagen, der deltakarane kunne invitere med foreldre, sysken og besteforeldre til å kome å sjå kva vi hadde gjort denne veka. Det var enkel servering og framvising av bilde, film, dans og taekwon-do.

Fredag var det buss og ferje / hurtigbåt til Ålesund med besøk i Atlanterhavsparken og restaurantbesøk som avslutning på ei aktiv veka.

MOT

Målsetting for deltaking i MOT er robust ungdom som inkluderer alle, ungdom med beivistheit og mot - mot til å leve, til å bry seg og seie nei. MOT satsinga arbeider for eit varmare og tryggare samfunn. MOT har tiltak i 8.-10. klasse ved Harøy skule. Det er i 2017 ein MOT instruktør. Det vert arbeidd med å rekruttere inn ein til, då dette kan styrkje tiltaket.

Samlingar i MOT med instruktør har vore temabaserte i skuleåret som følgjer:

8. klasse: vis MOT, forventningar, fokus, dialog, eigenstyrke, verdifull.

9. klasse: val, draumar, førebilete,

10. klasse: tryggleik, verdibevissheit og framtid

Ungdomsklubben MAKS (maritimt aktivitetssenter)

I veke 26 hadde Redningsselskapet med RS-ung Sandøy sommerskule for barn i MAKStanlegget. Maks var også involvert i Aktivitetsveka for barn i Sandøy kommune i veke 27 då anlegg og utstyr kunne disponerast etter behov.

I høve 150 årsjubileet til Sandøy kommune arrangerte MAKS i samarbeid med RS-ung familieday. MAKS stilte med kajakkar, seiljoller, tubekjøring, robåtar funballs, og Eliasbåten kom. Det vart og seld kaffi og litt mat. Anlegget har vore utleid til skuleklasser, korps og andre grupper. Frivillige stepper då inn som ansvarlege for utstyr, opplæring og tryggleik. Utanom desse aktivitetane har det vore ca 100 personar innom og leigd/lånt utstyr. Ungdom under 18 år frå Sandøy kommune låner utstyr gratis, men må betale for tubekjøring. Alt arbeid med MAKS er på frivillig basis, og det vert lagt ned stor innsats frå eldsjelene knytta utlån av utstyr, opplæring og tryggleik, drift og vedlikehald av bygningar, utstyr og båtar. MAKS er eit positivt bidrag til at Sandøy kommune er ein god plass å bu i og kome reisande til.



Ungdomsklubben Kvalen

Ungdomsklubben Kvalen har opent kvar fredag frå kl. 19.00-23.00 for ungdom frå og med 8. klasse til og med 18 år. Klubben held til i kjellaren på Kvalheim, og er stengt i samband med skuleferiar. I 2017 har Kvalen vore godt besøkt. Det er frå 25 - 50 ungdommar på Kvalen kvar fredag, då vanlegast ein stad mellom 30 og 40 ungdommar.

Kvalen er ein uformell treffstad som ungdom i Sandøy kommune har eigarskap til. Her er ungdommane sosiale på deira premiss. Der er biljard, airhockey, bordtennis, brettspel, playstation med VR-briller, kino/diskorom, datarom for surfing/speling, kiosk, og det blir arrangert ulike konkurransar. Med ujamne mellomrom blir det arrangert aktivitetar andre stadar, for eksempel i samarbeid med MAKs.



Kvalen vert driven på reint frivillig basis gjennom eit Kvalstyre beståande av ein voksen og fire ungdommar i ungdomskulealder. I tillegg til voksenperson i Kvalstyret, som organiserer det meste av aktiviteten, er det ytterlegare to voksne involvert som frivillige vakter og hjelparar. Resten av vaksenvaktene blir fordelt på føresette i 8. klasse, ein tradisjon som har vore praktisert dei to siste åra, men og i periodar før dette.

Det er og frivillige blant ungdommane som styrer kiosk og anna på Kvalkveldane. Torsdagar bruker Harøy Seniordans lokalet. Dei leiger gratis mot at dei har ansvar for at lokalet vert vaska. Dette fungerer bra.



4.4 Nye Ålesund

Overgangen til Nye Ålesund er den største omstillinga i kommunen. Kommunen må finne ein god balanse mellom dette omstettingsarbeidet, dagleg drift og nødvendig utviklingsarbeid før 2020. Mykje av fokuset blir retta mot 2020. For å effektivisere arbeidet er det også nødvendig å samarbeide om dagens aktivitetar før 2020 der dette er hensiktsmessig.

Intensjonsavtalen og mandat/vedtekter for fellesnemnda er sentrale styringsdokument.

Verdiar som skal prege prosessen fram mot nye Ålesund er: Likeverd, rausheit, identitet, nyskaping og innbyggarfokus.

Likeverd betyr m.a. at alle kommunane skal delta i arbeidet med å planlegge den nye kommunen. Sandøy kommune har med representantar i alle arbeidsgruppene, både politikarar, tilsette, tillitsvalte og vernetenesta. Alle kommunane er representert med fem i fellesnemnda, og ordførarane utgjer arbeidsutvalet som innstiller til fellesnemnda. Dei politiske komiteane innstiller direkte til fellesnemnda. Tillitsvalte er med i partsamansett utval.

Arbeidet er prega av eit positivt og konstruktivt samarbeid.

Arbeidsgruppene har fått forholdsvis omfattande mandat, og det er arbeidskrevande prosessar. Felles møte og kontakt skapar fellesskap og tillit. Etter kvart er det lagt meir vekt på å effektivisere møteforma blant anna gjennom bruk av skype. Dette er heilt naudsynt. Det er prosjektleiar frå Sandøy kommune for ei av arbeidsgruppene.

Det er positivt, men klart ei stor utfordring for Sandøy kommune som ei lita kommune, å delta i like stor grad som andre kommunar. Ålesund med større administrative ressursar, vil naturleg nok måtte ta ein større del av arbeidet. Det er også økonomisk lagt til rette for dette ved at regionsentertilskota er lagt til kvar kommune.

Sak om eventuell grensejustering for øyane Sandøya, Ona, Orta, Lyngværet, Sæterøya og Gåsøya, har hatt særleg fokus i Sandøy kommune. Det vart utarbeidd eit faktagrunnlag til fylkesmannens arbeid med å vurdere ulike sider ved ei eventuell grensejustering.

I arbeidet med kommunereforma har blant anna følgjande mål i intensjonsavtalen blitt framheva lokalt: «Både tettstader og bygder skal delta og finne sin plass i ei heilskapleg utvikling. Dei kommunale tenestene og dermed arbeidsplassane skal vere nær brukarane samtidig som tilsette blir del av eit større fagmiljø med spesialiserte tenester tilgjengeleg.»

Administrasjon og nødvendige samordningsoppgåver som arbeidet med matrikkelen og innkjøpsavtalar, har hatt prioritet. Det har blant anna vore arbeidd med nødvendige endringar av veg-/gatenamn.

Det er også eksempel på meir utviklingsorienterte oppgåver og tiltak som arbeidet med kulturbygging og verdiar og Newtonrommet (digitalt undervisningsrom).

Det er fire politiske komitear

- Kulturbygging og verdiar
- Politisk organisering, demokrati og medverknad
- Interkommunalt samarbeid
- Kommunevåpen og ordførarkjede

Det er vidare følgjande prosjekt i 2017 der tilsette og tillitsvalte har delteke:

- Personal og omstilling
- Økonomi
- Innkjøp
- IKT og digitalisering
- Overordna administrativ struktur - kartlegging
- Planstrategi og plansamordning
- Kartlegging val
- Arkiv og dokumentforvaltning
- Kommunikasjon
- Matrikkel, kart og oppmåling
- Vatn, avløp og renovasjon
- (Brann og redning)

Etter kvart vil dei sentrale tenesteområda bli involvert, og ikkje minst innbyggjarfokus gjennom blant anna arbeidet med kommunedelsutval. Oppdatert oversikt finn ein på heimesida til nye Ålesund.

4.3 150 års jubileet

I 2017 var det 150 år sidan Sandøy vart eigen kommune. På bakgrunn av at dette var siste jubileet i kommunen si historie, vart det teke initiativet til eit jubileum – og kombinere dette med festlege aktivitetar for alle aldersgrupper.



Ei arbeidsgruppe – jubileumskomiteen - fekk ansvar for planlegging og gjennomføring. Jubileumskomiteen bidrog til at innbyggjarane i Sandøy kommune fekk varierte tilbod i løpet av 2017. Det vart gjennomført fleire aktivitetar der lag og organisasjonar var involverte. Harøy felleskor, Harøy musikklag, Harøy skulekorps, MAKs og Harøy idrettslag fekk støtte gjennom garanterte inntekter for innsatsen.

Økonomi

5.1 Driftsrekneskap

Årets driftsresultat for Sandøy kommune vart eit mindreforbruk på 3,4 mill. kroner i 2017. Tenesteområda har eit mindreforbruk på 3,269 mill. kroner, og budsjettområde skatt, finans, og rammetilskot har eit lite mindreforbruk på 0,154 mill kroner.

Rekneskapsskjema 1A	Rekneskap 2017	Registrert budsjett	Opprinnelige budsjett	Rekneskap 2016
Skatt på inntekt og formue	37 800 929	38 083 000	40 741 000	39 495 165
Ordinært rammetilskot	53 127 336	52 547 000	50 995 000	51 605 288
Skatt på eigendom	1 706 086	1 660 000	1 660 000	1 635 944
Andre direkte eller indirekte skattar	-	-	-	-
Andre generelle statstilskot	8 411 873	6 761 000	7 223 000	6 217 507
Sum frie disponible inntekter	101 046 223	99 051 000	100 619 000	98 953 903
Renteinntekter og utbytte	6 030 788	6 407 000	4 407 000	4 890 741
Gevinst finansielle instrument (omløpsmidlar)	-	-	-	-
Renteutg.,provisionar og andre fin.utg.	3 513 079	3 597 000	3 597 000	3 255 690
Tap finansielle instrument (omløpsmidler)	-	-	-	-
Avdrag på lån	4 910 000	4 910 000	4 019 000	4 938 086
Netto finansinnt./utg.	-2 392 292	-2 100 000	-3 209 000	-3 303 035
Til dekking av tidlegare regnsk.m. meirforbruk	-	-	-	4 411 813
Til ubundne avsettingar	3 781 825	3 781 825	-	134 000
Til bundne avsettingar	1 007 891	1 047 500	850 000	1 320 958
Bruk av tidlegare reksn.m. mindreforbruk	4 379 786	4 379 786	-	-
Bruk av ubundne avsettingar	10 000	10 000	-	6 226 813
Bruk av bundne avsettingar	932 277	1 103 000	1 103 000	2 300 759
Netto avsettingar	532 348	663 461	253 000	2 660 801
Overført til investeringsrekneskapet	400 461	400 461	-	-
Til fordeling drift	98 785 818	97 214 000	97 663 000	98 311 669
Sum fordelt til drift (fra skjema 1B)	95 362 041	97 214 000	97 663 000	93 931 884
Regnskapsmessig meir/mindreforbruk	3 423 777	-	-	4 379 785

Frie disponible inntekter

Årets frie inntekter vart om lag som justert budsjett. Lågare skatt vart førespeglar tidleg i haust og med justeringane som vart vedteke i sak per 2. tertial, vart det eit mindre avvik på skatt på inntekter og formue samt eigedomsskatt på totalt 0,235

mill. kroner i 2017. Rammetilskotet var noko betre enn forventa i tillegg til at kommunen fekk tildelt midlar frå Havbruksfondet med 43.371 kr. Dette gav ei meirinntekt på totalt 0,623 mill. kroner. Samla resultat for frie disponible inntekter vart 0,386 mill. kroner i 2017.

Finans inntekter og utgifter

Avkastninga var litt lågare enn førespeglad ved 2.tertial med 0,3 mill. kroner, og rentekompensasjonen frå staten var 0,2 mill. lågare enn budsjettet. Renteutgiftene og premieavviket var høvevis 0,1 mill. lågare og 0,1 mill. kroner meirinntekt for kommunen i 2017. Totalt var avviket for finans inntekter og utgifter 0,3 mill. kroner i meirforbruk i 2017.

Netto driftsresultat

Netto driftsresultat viser kor mykje kommunen har igjen til avsetningar og investeringar. Resultatet vart positivt med 3,291 mill. kroner i 2017, mot 1,718 mill. kroner i 2016. Dette utgjer høvevis 2,5% og 1,34%.

Rekneskapsskjema 1B	Rekneskap 2017	Budsjett (end) 2017	Budsjett 2017	Rekneskap 2016
FOLKEVALTE STYRINGSORGAN OG				
1 FELLESUTGIFTER	20 962 035	20 572 000	20 897 000	18 315 350
2 UNDERVISNINGSTENESTER	17 877 380	18 892 000	19 616 000	17 260 601
3 BARNEHAGETENESTER	8 570 733	9 421 000	9 741 000	7 751 886
4 SOSIALE TENESTER	1 979 150	2 231 000	2 271 000	1 854 752
5 HELSETENESTER	14 128 650	14 318 000	15 247 000	14 653 414
6 OMSORGSTENESTER	19 570 668	20 896 000	21 573 000	17 753 526
7 KULTURELLE TENESTER	2 092 515	2 207 000	2 524 000	1 903 372
8 TEKNISKE TENESTER	7 613 012	7 526 500	7 794 500	7 601 618
	92 794 143	96 063 500	99 663 500	87 094 519
FELLES INNTEKTER OG UTGIFTER	2 567 898	1 150 500	-2 000 500	6 837 365
SUM FORDELT IHHT. SKJEMA 1A	95 362 041	97 214 000	97 663 000	93 931 884

Område 1 og 8 har meirforbruk, medan område 2-7 har eit mindreforbruk i 2017. Alle einingane meldte balanse ved 1.tertial. Sett bort frå justeringar som følgje av endringar i pensjonen, meldte undervisning, helse- og omsorg og kultur mindreforbruk ved 2.tertial.

Dei største avvika er innan undervisning, barnehage og helse- og omsorg. Sjå kapittel 7 for meir detaljar om resultatet per eining i 2017.



5.2 Investeringsrekneskap

Rekneskapsskjema 2A	Rekneskap 2017	Registrert budsjett	Opprinnelag budsjett	Rekneskap 2016
Investeringar i anleggsmidlar	80 561 834	90 986 000	133 050 000	32 837 069
Utlån og forskutteringar	-	-	-	-
Kjøp av aksjer og andelar	532 201	105 100	-	400 461
Avdrag på lån	85 716	-	-	873 738
Dekking av tidegare års udekka	400 461	400 461	-	-
Avsettingar	760 244	760 000	-	577 889
Årets finansieringsbehov	82 340 456	92 251 561	133 050 000	34 689 157
Finansiert slik:				
Bruk av lånemidlar	66 394 838	85 514 000	85 514 000	30 582 918
Inntekter frå sal av anleggsmidlar	760 000	760 000	-	450 000
Tilskot til investeringar	3 270 000	3 558 000	7 536 000	300 000
Kompensasjon for meirverdiavgift	8 876 666	-	-	1 576 395
Mottatte avdrag på utlån og refusjonar	142 085	-	-	172 665
Andre inntekter	21 760	-	-	-
Sum ekstern finansiering	79 465 349	89 832 000	93 050 000	33 081 979
Overført fra driftsreknskapet	400 461	400 461	-	-
Bruk av tidligare års udisponert	-	-	-	-
Bruk av avsettingar	2 047 545	2 019 100	40 000 000	1 206 717
Sum finansiering	81 913 355	92 251 561	133 050 000	34 288 696
<i>Udekket/udisponert</i>	<i>-427 101</i>	-	-	<i>-400 461</i>

I 2017 investerte Sandøy kommune for 80,561 mill. kroner. Dette vart i stor grad finansiert ved bruk av lånemidlar med 66,394 mill. kroner, 3,27mill. kroner frå tilskot og 8,76 mill. kroner som kompensasjon for meirverdiavgift. Investeringsnivået er lågare enn budsjettet med 10,4 mill. kroner.

Avvik innan dei enkelte prosjekta går fram i skjema 2B.

Rekneskapsskjema 2B	Rekneskap 2017	Reg. budsjett	Oppr. Budsjett	Rekneskap 2016
100 Nytt saksbehandlingssystem*	26 281	-	-	120 426
101 Utskifting datautstyr*	237 988	-	-	157 728
102 Datasystem økonomi*	45 839	-	-	18 651
105 Arbeidsplanverktøy	232 988	200 000	-	-
106 Elektronisk møtebehandling*	623 864	-	-	-
110 IKT-strategi*	375 000	1 450 000	1 450 000	-
111 Arkivdetaljering IKA	-	150 000	150 000	140 983
114 Telefonisentral	80 043	200 000	-	-
140 Harøy kirke - Nye gravplasser	32 500	3 500 000	3 500 000	13 750
141 Harøy kirke - Maling utvendig	117 156	1 000 000	1 000 000	-
Sikringssjerde Harøy skule sak				
200 15/11	-	-	-	381 130
201 Datamaskiner skulen*	-	-	-	95 948
204 Bærbare PC/ipad- klassesett*	99 742	-	-	200 704
205 Datamaskiner elevar*	-	-	-	63 515

700	Gards- og ættesoge	-	-	350 000	-
800	Sandøytunet	-	-	30 000 000	-
802	Fagsystem kommunale avgifter	151 030	137 000	400 000	-
803	Bustadprosjekt 2016	25 234 310	32 022 000	35 200 000	17 640 349
810	Utskifting eternittrør	3 281 143	2 000 000	2 000 000	6 974 466
812	Oppgradering kommunal veg	-	500 000	-	324 083
	Ombygging skulekjøkken (Harøy barnehage) 2017	1 166 008	850 000	-	-
823	Brannsikring tette trehusmiljø	1 128 632	477 000	-	207 479
828	Oppgradering kommunal veg	358 592	-	500 000	-
832	Turstianlegg	780 664	400 000	400 000	-
849	Måsvikremma – syd	113 899	6 000 000	6 000 000	-
856	Høgdebasseng Myklebust	7 182 204	8 900 000	8 900 000	249 790
862	LED – gatelys	148 053	-	-	100 641
863	Aggregat	-	-	-	339 938
871	Harøy stadion	5 585 793	3 200 000	3 200 000	-
872	Sandøytunet 2015-2018**	178 130	-	-	627 803
	Sandøytunet				
874	detaljprosjektering**	1 087 922	-	-	5 144 820
875	Ombygging bustadar 2016	-	-	-	34 865
876	Byggeprosjekt Sandøytunet**	31 218 556	30 000 000	-	-
877	Følgjeprosjekt Sandøytunet**	1 075 498	-	-	-
903	Nordøyvegen	-	-	40 000 000	-
	TOTALT	80 561 835	90 986 000	133 050 000	32 837 069


*Prosjekt knytt til IKT-Strategi, **Prosjekt knytt til Sandøytunet



5.3 Finansielle nøkkeltal

Godt driftsresultat, høg andel driftsreserve og låg netto lånegjeld er viktige teikn på sunne kommunale finansar. Sandøy kommune har gode finansar. Sjølv om ein har høg lånegjeld sett i forhold til brutto driftsinntekter, disponerer kommunen eit stort disposisjonsfond og har hatt positivt netto driftsresultat dei siste to åra.


Netto driftsresultat i prosent av brutto driftsinntekter



Indikatoren syner resultatet i prosent av driftsinntekter etter at driftsutgifter, renter og avdrag er kostnadsført. Det vil seie kor mykje som kan disponerast til avsetjingar og investeringar. Ei svakheit med indikatoren er at kostnadene som slitasje og verdiforringing på bygningar, inventar, maskiner og liknande ikkje er trekt frå når netto driftsresultat blir berekna. Det betyr at kommunen må ha eit positivt netto driftsresultat for å ha ein berekraftig økonomi. Anbefalt minimumsnivå på netto driftsresultat er om lag 2% (bransjenorm). Netto driftsresultat for Sandøy kommune er positivt med 2,5% mot 1,3% i 2016. Kommunen er nesten på same nivå som kostragruppe 05, og samanlikna med samanslåingskommunane er det berre Ålesund og Skodje som har betre resultat.

	2013	2014	2015	2016	2017
1504 Ålesund	-1,7	-2,3	1,3	1,9	4,2
1523 Ørskog	2,4	-4,6	-2,6	0,2	2,1
1529 Skodje	0,1	-1,5	1,9	3,4	3,7
1534 Haram	5,5	2,2	0,0	0,2	1,6
1546 Sandøy	0,5	-1,4	-2,5	1,3	2,5
Kostragruppe 05	1,7	1,4	1,8	2,7	2,7

Disposisjonsfond i prosent av brutto driftsinntekt




Disposisjonsfondet er kommunen sine reserver for å dekke uføresette utgifter og sviktande inntekter. Fondet bør utgjere 10% av driftsinntektene.

Sandøy kommune har hatt disponible midler langt over norma i lang tid, og auka med 2,7% frå 2016 til 2017. Store delar er fortsatt knytt til finansiering av Nordøyvegen.

Sandøy kommune har størst andel blant dei fem samanslåingskommunane og ligg langt høgare enn kostragruppe 05.

	2013	2014	2015	2016	2017
1504 Ålesund	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0
1523 Ørskog	7,1	6,6	6,2	1,0	1,3
1529 Skodje	11,1	4,1	8,6	9,2	10,6
1534 Haram	0,0	1,4	2,3	1,6	1,9
1546 Sandøy	27,3	28,4	28,0	21,3	24,0
Kostragruppe 05	5,9	6,3	6,1	7,2	7,8

Netto lånegjeld i prosent av brutto driftsinntekter



Netto lånegjeld er definert som langsiktig gjeld fråtrekt totalt utlån, samt pensjonsforpliktingar. Netto lånegjeld bør vere under kontroll for å unngå for stor renterisiko, spesielt i tider med låge renter. Netto lånegjeld bør helst vere under 50% av årlege driftsinntekter. Sandøy kommune har vore over norma dei siste 5 åra og har generelt høg lånegjeld og auka med 45,3% frå 2016 til 2017. Kommunen ligg høgare enn dei fem samanslåingskommunane og kostragruppe 05.

	2013	2014	2015	2016	2017
1504 Ålesund	23,7	27,6	29,5	32,2	32,8
1523 Ørskog	67,4	73,2	78,2	97,1	135,2
1529 Skodje	86,0	94,7	92,7	89,1	87,6
1534 Haram	113,1	113,0	97,1	126,9	131,1
1546 Sandøy	79,9	84,7	85,9	100,0	145,3
Kostragruppe 05	57,4	59,4	62,6	65,0	67,4

Kommunal verksemd

6.1 Generelt

Etikk

Sandøy kommune har etiske retningslinjer for folkevalde og tilsette som vart vedteke i 2013. Desse skal hjelpe til større forståing og openheit og bidra til å hindre uetiske handlingar og kritikkverdige forhold. Retningslinene ligg på heimesida og blir teke opp på leiarmøte og personalmøte.

Internkontroll og betryggande kontroll

Ein sentral del av styringa er å sikre at verksemda blir driven i tråd med mål og rammer. Internkontroll skal sikre at det ikkje skjer avvik på vesentlege område. Kravet om internkontroll er forankra i kommunelova og ulike særlover. Mange kommunar har dei siste åra teke i bruk elektroniske kvalitetssystem. Det viser seg at det tar tid å få dette på plass. Dette gjeld også for Sandøy kommune. Det var tidlegare gjort vedtak om å innføre nytt kvalitetssystem etter kvalitetssystemet IKKS. Dette er ikkje gjennomført. Det blir arbeidd med å halde IKKS tilstrekkeleg ajour fram til nytt system i Nye Ålesund.

Innan økonomiområdet er det faste rutinar og avstemmingar for å sikre økonomisk kontroll. Det blir rapportert jamnleg til politiske organ både på økonomien og drifta til kommunen.

Likestilling

Offentleg myndigheter skal arbeide aktivt, målretta og planmessig for å fremme likestilling og hindre diskriminering på grunn av kjønn, etnisitet og nedsatt funksjonsevne m.m. Dette gjeld for kommunen som arbeidsgivar i eiga verksemd, og innan kommunens virkefelt. Det skal gjeraste greie for den faktiske tilstanden og rapporterast på planlagte og gjennomførte tiltak.

Sandøy kommune har eit fleirtal av kvinner i leiande stillingar. I leiarteam er det tre kvinner og to menn. Rektor og styrar i barnehage er kvinner. I samband med lønsforhandlingane var lønn fordelt på kjønn tema. Ein enkel, men ikkje tilstrekkeleg, analyse viste ikkje lønsforkjellar som skuldast kjønn.

Kommunen har råd for likestilling av funksjonshemma som har jamnlege møter gjennom året, og gir innspel til politiske saker. Det er lagt til rette for praksisplassar for flyktningar, og det skal leggjast til rette for tilsette ved nedsatt funksjonsevne. Tilbod om språkkafe, der innvandrarar frå ulike land møtast, er etablert i kommunen.

6.2 Arbeidsgivar

Tal årsverk og tilsette per 31.12.17, fordelt på andel kvinner og menn.

Tabellen nedanfor viser oversikt over tal årsverk fordelt på tal tilsette per eining pr. 31.12.17. Nokre tilsette er tilsett i fleire stillingar og kan vere talt fleire gongar. Sum tal tilsette er difor ikkje 100% rett. Kvinner utgjer omlag 80% av tal tilsette i Sandøy kommune. Andel kvinner er størst innan barnehage, NAV og sosiale tenester, samt helse og omsorg. Andel menn er størst innan kultur og tekniske tenester.

	Antall årsverk	Antall ansatte	Andel kvinner	Andel menn
Folkevalde, stab, legeteneste	13,65	18	13	5
Skule	27,55	38	33	5
Barnehage	15,60	20	20	0
NAV	1, 90	2	2	0
Helse og omsorg	43,21	64	63	1
Kultur	2,49	5	3	2
Teknisk inkl.reinhalld	10,67	12	6	6
Totalt	115,37	188	151	37

Fråvær per eining 2015-2017

Det er endringar i dei prosentvise sjukefråværstala frå kvartal til kvartal og frå år til år. Det er også variasjonar mellom tenesteområda. Det totale langtidsfråværet har vore forholdsvis jamt frå 2015-2017. I 2017 ligg den totale fråværsprosenten i Sandøy kommune på 7,0 %. Kommunen arbeider systematisk med å få ned fråværet, og har forplikta seg til å følge IA avtalen sitt regelverk. Det er utarbeidd lokal mål- og handlingsplan for IA-arbeidet i verksemda. Målet i lokal IA-mål- og handlingsplan er å komme ned på eit totalt fråvær på 6,0 %. Fråværsstatistikk er fast tema og drøftingssak i AMU. Verksemda vil i 2018 gjennomføre regelmessige IA møte der sjukefråvær er ei av dei faste sakene.

Tabellen syner oversikt over totalt fråvær og gjennomsnittleg fråvær pr. eining i åra 2015, 2016 og 2017

	2015	2016	2017
Folkevalde, stab, legeteneste	2,9 %	3,6 %	1,6 %
Skule	9,2 %	3,9 %	7,1 %
Barnehage	4,0 %	9,9 %	10 %
NAV	1,5 %	3,3 %	2,8 %
Helse og omsorg	8,6 %	13,5 %	9,2 %
Kultur	6,5 %	5,0 %	1,1 %
Teknisk inkl.arbeidslaget	3,9 %	8,5 %	2,0 %
Totalt	7,0 %	8,8 %	7,0 %

Arbeidsmiljø

Sandøy kommune gjennomførte i 2017 ei arbeidsmiljøundersøking. Om lag 80 % av dei tilsette svarte på undersøkinga. Samla resultat var at tilsette i store trekk er fornøgde med arbeidsmiljøet på sin arbeidsplass i forhold til meistring av arbeidsoppgåver og sosialt samspel på arbeidsplassen. Resultatet i undersøkinga viste likevel at ein må jobbe meir målretta med område som jobbkrav og leiing. Arbeidsmiljøundersøkinga er viktig utgangspunkt for vidare arbeid med arbeidsmiljøet. Undersøkinga er fulgt opp i

eit samarbeid med vernetenesta. Alle einingar skal gjennomføre medarbeidarsamtalar, og saman med verneombodet bli enig om andre tiltak.


Bedriftshelsetenesta

Vi kjøper bedriftshelsetenesta til alle av Medi3. Alle er inkludert også vikarar/midlertidig tilsette i over 15-20% stilling. Det er faste rutinar/avtale for bruken av tenesta. Dei møter i kommunen fast ein gong kvar måned samt at dei kjem av og til elles også.

Nøkkeltal frå dei 5 samanslåingskommunane (Kostra-tal publisert 15.03)

Andel ansatte per sektor	Kommune administrasjon	Barnehage	Grunnskule	Helse- og sosial tenesten	Teknisk teneste	Kultur	Annet
Ålesund	9,5	5,7	24,2	55,1	1,7	2,7	1,2
Ørskog	10,1	8,1	23,0	50,3	0,0	1,7	6,8
Skodje	8,3	16,4	19,0	54,2	1,0	0,6	0,6
Haram	9,5	9,4	21,1	49,3	7,0	1,4	2,2
Sandøy	12,0	13,1	21,9	40,4	7,1	2,7	2,7
Kostragruppe 05	14,5	10,9	19,2	48,6	1,7	1,8	3,2


Tabellen og diagrammet viser andel av totale tilsette i kvar sektor i 2017 for dei fem samanslåingskommunane samt kostragruppe 05. Sandøy kommune ligg litt høgare på kommuneadministrasjon samanlikna med dei andre, men er framleis lågare enn kostragruppe 05. Andelen i barnehage, grunnskule, kultur og teknisk teneste er høgare enn kostragruppe 05, og er i det øvre siktet samanlikna med dei andre kommunane. Andelen i helse- og sosialtenesta er lågare enn samtlege samanslåingskommunar og kostragruppe 05.




Tenestene

7.1 Folkevalde styringsorgan og fellestenester – sentraladministrasjon

Driftsutgifter per gruppeart



Driftsinntekter per gruppeart



Nøkkeltal frå dei 5 samanslåingskommunane (Kostra-tal publisert 15.03.18 – førebels for 2017)


Netto driftsutgifter administrasjon, i prosent av totale netto driftsutgifter	2014	2015	2016	2017
Ålesund	5,9	5,5	5,4	3,0
Ørskog	9,8	6,8	9,6	7,4
Skodje	6,9	7,5	7,1	6,4
Haram	6,7	6,2	5,9	6,4
Sandøy	13,7	13,7	16,3	13,7
Kostragruppe 05	11,7	11,1	11,3	10,5

Netto driftsutgift, kirke, i prosent av totale netto driftsutgifter	2014	2015	2016	2017
Ålesund	1,3	1,3	1,3	1,3
Ørskog	1,1	1,1	1,2	1,2
Skodje	0,8	0,8	0,8	0,8
Haram	1,4	1,4	1,3	1,3
Sandøy	1,9	1,9	1,6	1,3
Kostragruppe 05	1,7	1,7	1,6	1,6


Sandøy kommune ligg fortsatt høgt på utgifter til administrasjon av kommunen samanlikna med kostragruppe 05 og dei andre samanslåingskommunane. Sett bort frå 2016 har det vore jamt på 13 prosent av netto driftsutgifter dei siste åra. Utgifter til kyrkje er nokså lik dei andre samanslåingskommunane og noko lågare enn kostragruppe 5.

Utvikling i Sandøy kommune (Kostra-tal publisert 15.03.2018 – førebels tal for 2017)

Legeårsverk per 10 000 innbyggjar




Andel kjøp frå andre offentlege virksomheter



«Andel legeårsverk per innbygger» har vore stabilt dei siste åra i kommunen.

Kommunen har blitt meir og meir avhengig av tenestekjøp frå andre kommunar dei siste åra for å drifte ulike tenester i kommunen. Dette viser også statistikken med ei relativt stor auke frå 2014 til 2017.

Netto driftsutgifter til tilrettelegging og bistand for næringslivet



Tilrettelegging og bistand for næringslivet svingar i takt med aktiviteten i marknaden. Kommunen opplevde ein nedgang frå 2016 til 2017.

Økonomisk resultat 2017

KOSTRA Funksjon		Rekneskap	Budsjett	Rekneskap	Budsjett	Budsjett 2017	Avvik
		2016	2016	2017	2017	(justert)	
100	Politisk styring og kontrollorgan	1 706	1 730	1 782	1 866	1 826	44
110	Kontroll og revisjon	645	701	664	718	718	54
120	Administrasjon	10 977	10 711	10 629	10 967	10 791	162
180	Diverse fellesutgifter	28	50	95	52	52	-43
201	Førskule	0	0	48	0	0	-48
202	Grunnskule	0	0	131	0	0	-131
233	Førebyggj. arbeid, helse og sosial	47	46	48	47	47	-1
241	Diagnose/behandling/rehabilitering	2 612	2 819	3 476	3 258	3 170	-306
242	Sosial rådgjeving og veiledning	469	450	1 038	1 165	1 144	106
244	Barnevernteneste	0	0	14	0	0	-14
253	Helse- og omsorgstjenester i institusjon	0	0	71	0	0	-71
254	Helse- og omsorgsjenester til heimebuande	0	0	71	0	0	-71
265	Kommunalt disponerte bustader	0	0	180	0	0	-180
275	Introduksjonsordning	177	100	1 126	1 205	1 205	79
325	Tilrettelegging og bistand for næringsliv	150	154	228	272	272	44
360	Naturforvaltning og friluftsliv	1	0	7	5	5	-2
383	Musikk- og kulturskular	0	0	15	0	0	-15
390	Den norske kyrkja	1 475	1 475	1 275	1 275	1 275	0
392	Tilskot til tros- og livssynssamfunn	63	62	63	67	67	4
393	Kyrkjegardar/gravlundar	0	51	0	0	0	0
870	Renter/utbytte og lån	-36	0	0	0	0	0
Totalt		18 315	18 349	20 962	20 897	20 572	-390

*Tal er i hele tusen

Område 1 fekk eit meirforbruk på 0,39 mill. kroner i 2017. Det meste av dette er knytt til legetenesta blant anna auka utgifter til legevaktsamarbeidet i 2017.

Medarbeidar og arbeidsmiljø

Stab og støtte består av sørvistorget med tre tilsette, lønsrådgivar, personalrådgivar og IKT-rådgivar. Integreringstenesta og legetenesta ligg også til stab. Integreringstenesta har eitt årsverk. Legetenesta har 3,5 årsverk der to av desse er lege og turnuslege. Kommunen kjøper økonomitenester og advokattenester frå Ålesund kommune.

Arbeidsmiljøundersøkinga for stab og legetenseta viste «godkjent» som for kommunen samla, men med område som kan forbetrast. På bakgrunn av arbeidsmiljøundersøkinga blir det i samråd med verneombod arbeidd med forbetingstiltak.

Tenester

Stab og støttefunksjonar

Stab og støttefunksjonar arbeider både inn mot eigen organisasjon og ut mot publikum. Tilrettelegging for politisk styring er vidare serntralt. Sørvistorget har arbeidd mykje med kartlegging og avlevering av arkiv til IKA Møre og Romsdal i 2017.

Politisk

Sjå kapittel 2.

Integreringstenesta

Sandøy kommune busette sju nye flyktningar i august 2017, fordelt på ein barnefamilie på 5 og eit ungt ektepar. Alle er frå Syria. Dei vart busette i dei nye kommunale bustadene på Huse. Det betyr at kommunen busette 20 flyktningar i 2016 og 2017. Kommunen er ikkje beden om å busette fleire flyktningar i 2018.

Introduksjonsprogram:

Dei vaksne deltar i introduksjonsprogram, heil dag/heilt år. Deltakinga her er regulert gjennom enkelvedtak og individuell plan, med tilhøyrande rettar og plikter. Dei to første deltakarane er ferdig med programmet 01.09.18.

Bustad:

To av familiene har tilfredsstillande butilhøve, medan to familiar ikkje kan seiast å ha det. Det har ikkje lukkast så langt å få tilgang på private leieobjekt.

Barnehage og skule:

Barna har tilpassa seg greitt opphold i barnehage og skule.

Fritidsaktivitar:

Barna deltek i Harøy Idrettslag sine aktivitar og kulturskulen. Dei vaksne er også med i aktivitar i HIL.

Samarbeid med frivillege aktørar:

Fleire frivillege stiller opp med transport og besøk. Dette blir koordinert gjennom Integreringstenesta si FB side for medlemmer, men også mykje føregår på det ein kan kalle naturleg vis, og det er det beste på sikt.

Bokkafé:

Det vart starta opp med Bokkafé i 2017. Dette har vore vellukka, og noko ein vil halde fram med.

Samarbeid med NAV og andre kommunale einingar:

NAV og Integreringstenesta har faste møte kvar 14. dag. Hensikta med desse møta er å førebu overgangen frå introduksjonsprogram til eit ordinært liv med arbeid eller vidare utdanning. I tillegg er det møte i Integreringstenesta si basisgruppa der representantar frå dei ulike tenestene har møte med rådgjevar.

Økonomi og tilsette:

Tenesta har halde seg innanfor budsjett for 2017. Kommunen fekk kr. 7,149,600,- i statlege overføringer i 2017. Dette fordelte seg slik:

Integreringstilskot år 1:	2,800,000,-
Integreringstilskot år 2:	3,000,000,-
Tilskot norskopplæring:	1,300,000,-
Barnehagertilskot:	49,600,-

Praksisplassar:

Dei kommunale einingane stiller opp med praksisplassar. Det gjer også butikkane i kommunen. Det er likevel ei utfordring å kunne tilby praksisplassar på andre arbeidsområde.

Utfordringar

Dei vaksne har kome til Noreg utan dokumentasjon på utdanning eller arbeidserfaring. Dette er uråd å skaffe. I ein usikker arbeidsmarknad vil desse stille langt bak i køa. Dei som er aktuelle for vidare utdanning, får høve til dette, men først må dei ta norsk grunnskuleeksamen for i det heile tatt kvalifisere seg for vidaregåande utdanning. Dei kjem frå ein kultur der det er vanleg å skape sine eigne arbeidsplassar og livnære seg og familien på dette. Den norske arbeidsmarknaden er ikkje regulert slik at dette er like lett her. Eit liv utan førarkort og bil vanskeleggjer deltaking i fritidsaktivitetar og for framtidig jobb. Førarkort er viktig for kvalifisering til norsk arbeidsliv og deltaking i sosiale aktivitetar, spesielt for barnefamiliane.

Vi må snarast forbetre butilhøva for to av familiane. Alle ønskjer å halde fram med eit liv i kommunen etter avslutta introduksjonsprogram dersom ein får innpass i arbeidsmarknaden. Spesielt det siste året har det vore behov for tenester utanfor kommunen. Dette fører til mange heildagsbesøk til fastlandet og auka reiseutgifter.

Legetenesta

Legetenesta har hatt høgt arbeidspress i 2017, i tillegg til at dei har drifta i midlertidige lokale. Behandlingskulturen har endra seg siste åra, og pasientar lever lenger med alvorlege sjukdommar. Oppfølginga er difor meir krevjande og komplisert. Arbeid frå sjukehusa er i noko grad overført til kommunane. Dette krev meir bemanning. Det vart i 2017 arbeidd med ei vidareføring av legevaktamarbeidet med Aukra og Midsund kommunar. Dette er no på plass.

Brukar og innbyggjar

Arbeidet på sørivistorget er sentralt i forhold til kontakt med brukar og innbyggjarar. Det blir lagt vekt å informere på heimesida og gjere mest muleg av aktiviteten i kommunen tilgjengeleg for innbyggjarane. Når det gjeld legekontoret, er det stilt krav til god tilgjenge. Det har vore nokre utfordringar knytt til tilgjenge via telefon. Dette var uheldig for innbyggjerane i Sandøy kommune.

Prioriterte tiltak for 2017

Kommunereform	Stortingsval	Arbeidsprosessar	Integrering
<ul style="list-style-type: none">Bidra aktivt til interne og ekstrne ou-prosesser i tråd med vedteke intensjonsavtale Nye Ålesund 2020Innovasjon som verkty	<ul style="list-style-type: none">Gjennomføre Stortingsvalg i tråd med lov og forskrift	<ul style="list-style-type: none">Digitalisering og effektiviteringInternkontroll og kvalitetsstyringØkonomistyringNye SandøytunetNæringsarbeid	<ul style="list-style-type: none">Frivillighetssentral i samråd med lokalsamfunnetUtvikling av Introduksjonsprogram i tråd med lov og forskrift

Oppfølging og status


- Arbeidet med Nye Ålesund har blitt prioritert.
- Innovasjon som verkty har ikkje hatt særskilt fokus.
- Stortingsvalet er gjennomført på ein tilfredsstillande måte.
- Digitlisering og effektivisering: Innføring av nytt arbeidsplanverktøy vart starta opp i 2017.
- Internkontroll og kvalitetsstyring: Det er bestemt å vidareføre tidlegare kvalitetssystem IKKS og prioritere nødvendig ajourføring. Nytt kvalitetssystem må avventast til Nye Ålesund.
- Økonomistyring: Vi kjøper økonomitenester frå Ålesund kommune som vi er godt nøgd med. Økonomistyring er elles sentral del av arbeidet for rådmann og einingsleiarane.
- Nye Sandøytunet går som planlagt. Det er i 2018 lagt opp til særleg oppfølging av økonomien i prosjektet sidan det ligg an til eit meirforbruk.
- Næringsarbeid: Vi viser her til eigen omtale/avsnitt. Kommunen kjøper tenester.
- Frivilligsentral: Dette er på nytt teke opp i budsjett 2018, og det vil bli arbeidd vidare med. Eldrerådet og rådet for funksjonshemma er opptatt av å få dette på plass.
- Introduksjonsprogrammet: Vvi viser til eigen omtale i avsnitt ovanfor.




7.2 Oppvekst og kultur

Administrasjon

Driftsutgifter per gruppeart



Driftsinntekter per gruppeart



Økonomisk resultat 2017

KOSTRA Funksjon	Administrasjon oppvekst og kultur	Rekneskap 2016	Budsjett 2016	Rekneskap 2017	Budsjett 2017	Budsjett 2017 (justert)	Avvik
201	Førskule	499	365	297	383	320	23
202	Grunnskule	574	730	290	795	344	54
383	Musikk- og kulturskular	214	262	62	191	84	22
Totalt		1 287	1 356	649	1 369	748	99


*Tal er i heile tusen

Det har vore vakans i stillinga som einingsleiar for oppvekst og kultur store delar av året. Ein justerte ned budsjettet i 2. tertial med om lag 0,6 mill. kroner. Resultatet for 2017 var 0,1 mill. kroner lågare enn justert budsjett.


Vakant einingsleiar har ført til at rektor, styrar i barnehage og tilsette i stab har mått utført tilleggsoppgåver. Dette har gått ut over prioriterte område i skule, barnehage og kultur.

Undervisning

Driftsutgifter per gruppeart



Driftsinntekter per gruppeart



Nøkkeltal frå dei 5 samanslåingskommunane (Kostra-tal publisert 15.03.18 – førebels tal 2017)

Netto driftsutgifter grunnskolesektor (202, 215, 222, 223) i prosent av samlede netto driftsutgifter	2014	2015	2016	2017
Ålesund	23,4	23,8	23,1	22,9
Ørskog	20,6	19,5	19,5	21,0
Skodje	23,7	23,2	22,6	22,6
Haram	25,7	25,7	25,7	24,9
Sandøy	24,2	24,7	22,2	23,4
Kostragruppe 05	22,8	22,2	21,7	21,4

Korrigerte brutto driftsutgifter til grunnskolesektor (202, 215, 222, 223), per elev	2014	2015	2016	2017
Ålesund	87 841	89 844	92 254	96 020
Ørskog	137 980	124 463	125 434	134 443
Skodje	101 037	102 831	111 124	124 642
Haram	117 503	124 284	130 605	138 048
Sandøy	148 522	158 693	147 591	158 056
Kostragruppe 05	150 943	155 073	163 172	167 441

Andel elever i grunnskolen som får spesialundervisning	2014	2015	2016	2017
Ålesund	8,9	8,9	8,3	8,6
Ørskog	10,4	13,4	12,9	11,3
Skodje	9,9	9,7	10,0	11,8
Haram	10,7	10,3	9,3	7,5
Sandøy	6,4	6,9	10,1	13,3
Kostragruppe 05	9,9	9,9	9,8	9,6


«Netto driftsutgifter grunnskolesektor (202, 215, 222, 223) i prosent av kommunen sine totale netto driftsutgifter» har vore stabil dei siste åra i Sandøy kommune og er nokså lik dei fire samanslåingskommunane. Kommunar i referansegruppa, kostra-gruppe 05, er eit betre målepunkt då desse er meir lik Sandøy kommune. Samanlikna med denne gruppa ligg kommunen litt høgare i 2017.

Tabellen «Korrigert brutto driftsutgifer i kroner per barn i grunnskulesektor» viser ein nokså stabil andel per elev dei siste åra. Sjølv om ein ligg ein del høgare enn samanslåingskommunane driftar ein rimelegare enn tilsvarende kommunar i kostra-gruppe 5.


«Andel elevar i grunnskule som får spesialundervisning» har auka kraftig dei siste åra, og Sandøy kommune ligg høgare enn både samanslåingskommunane og kostra-gruppe 5.

Utvikling i Sandøy kommune (Kostra-tal publisert 15.03.2018 – førebels tal 2017)


Utvikling i elevtal



Andel lærarar med universitets-/høgskuleutdanning og pedagogisk utdanning



Gjennomsnittleg gruppstørrelse, 1-10.årstrinn



Elevtalet på Harøy skule auka frå 2016 til 2017. Skulen har fokusert på både rekruttering og kompetanseheving blant personalet og andelen med høgare utdanning og pedagogikk har auka i takt, men det var ein liten nedgang i 2017. Gjennomsnittleg gruppstørrelse har auka noko frå 2016-2017.

Økonomisk resultat 2017

KOSTRA Funksjon		Rekneskap 2016	Budsjett 2016	Rekneskap 2017	Budsjett 2017	Budsjett 2017 (justert)	Avvik
202	Grunnskule	14 765	15 307	16 353	16 252	16 177	-176
213	Vaksenopplæring	-144	26	-446	464	459	905
215	Skulefritidstilbod	422	416	393	511	488	95
222	Skulelokale	403	434	413	443	443	30
223	Skuleskyss	527	565	515	577	577	62
Totalt		15 973	16 748	17 228	18 247	18 144	916

*Tal er i hele tusen

Harøy skule

Harøy skule, inkludert skulefritidsordning, skulelokale og skuleskyss, gjekk i balanse i 2017. I tillegg til ordinær drift har skulen kjøpt to nye leikestativ til uteområdet på småtrinnet, kjøpt og bytta ut alle lærebøker på ungdomstrinnet, samt utført oppgraderinger innan IKT-utstyr. Kommunen har gjort i stand nye lokale til mat- og helsefag i lokala til barnehagen.

Vaksenopplæring

Det er eit samla mindreforbruk på 0,9 mill. kroner i 2017. Desse er i all hovudssak knytt til vaksenopplæringa. Avviket skuldast at vi har fått basistilskot for innvandrarar frå staten og kjøpt tenester eksternt til minoritetsspråklege med rett og plikt til norskoplæring. I tillegg har kommunen fått høgare norsktilskot til flyktningar enn vi har budsett med.

Medarbeidar og arbeidsmiljø

Harøy skule og SFO har hatt om lag 28 årsverk i 2017. Av desse er om lag eitt årsverk knytt til grunnleggande norsk i grunnskulen og 0,75 % til vaksenopplæring.

Det har vore ein lærar i vidareutdanning innan spesialpedagogikk i undervisningsåret 2016/2017 og to i faget matematikk i 2017/2018. Innan 2025 skal skulen innfri nye utdanningskrav og vil neste år vidareutdanne fleire for å stette krava.

I 2017 har Harøy skulen gjennomført den nasjonale satsinga "Ungdomstrinn i utvikling ". Denne satsinga har vore skulebasert, noko som inneber at alle dei tilsette på skulen har delteke i ein utviklingsprosess ved eigen skule. Klasseleiing og lesing i alle fag har vore satsingsområde. Høgskulen i Volda har vore inne med teori, og vi har hatt erfaringsdeling og samarbeid med skulane i regionen. Målet er å gjere elevane meir motiverte for læring ved å skape eit godt læringsmiljø der undervisninga blir meir praktisk, variert, relevant og utfordrande. I tillegg har vi hatt kompetanseheving innanfor arbeid med grunnleggande norsk for språklege minoritetar med forelesar frå NTNU i Trondheim.

Det er i nærmeste framtid mangel på kvalifiserte lærarar grunna fleire avgangar til pensjon. Dette krev høg fokus på rekruttering i åra framover. Det vart gjort tre nytilsettingar av kvalifiserte lærarar hausten 2017.

Grunna blant anna liten kapasitet innan leiing er oppgåver som gjeld dagleg drift av skulen, prioritert. Planarbeid, strategiar og oppfølging av internkontroll har dessverre ikkje blitt fulgt opp som ønska.

Arbeidsmiljøundersøkinga viste høg grad av opplevd mestring i arbeidet. Det var lågat skår på jobbkrav og leiing. Dette blir fulgt opp med tiltak. Sandøy kommune er medlem i Medi3 bedriftshelseteneste, og dei har støtta oss i arbeidet med det psykososiale miljøet.

Veilederkorpset i regi av Utdanningsdirektoratet har rettleia skuleleiinga og tilsette på mellom anna etablering av eit felles elevsyn og psykososialt miljø for elevar og tilsette.

Tenester

Lesing i alle fag har vore eit prioritert område i 2017. Det har vore fokus på lesing på alle trinn, og vi har starta arbeidet med å utvikle ein «leseplan». Dei nasjonale prøvene for 5, 8, og 9.trinn hausten 2017 viser eit betre resultat innan området lesing enn tidlegare år.

Skulen tilbyr også leksehjelp med lærarar for elevane i 4.-10.klasse tre timer i veka. Dette er dessverre eit tilbod svært få elevar nyttar.

Det har vore ein auke i talet på elevar som får spesialpedagogiske tiltak. Dette gjer at ressursar er knytta opp mot tiltak og ikkje blir nytta til generell styrking og tilpassa opplæring.

Det har vore viktig for skulen å styrke tilbodet til dei minoritetspråklege elvane. Det har vore om lag eitt årsverk knytt til dette arbeidet. Vi har delar av året hatt ei innføringsklasse der elevane har hatt undervisning i grunnleggande norsk store delar av skuledagen.

Det er ein auke i elevutfordringar knytta til åtferd og psykiske helse. Vi har hatt tilsette som har gått på kortare kontraktar for å ivareta desse utfordringane. Vi treng å rekruttere slik at vi kan drive meir førebygging. Samstundes ser vi at vi treng anna type fagfolk for å kunne ivareta behova til elevane, til dømes miljøterapeut, sosiallærar og spesialpedagog.

Skulen har i samarbeid med skulehelsetenesta innført programma «Zippys venner», "Psykologisk førstehjelppskrin" og "Alle har en psykisk helse" som tiltak for å jobbe systematisk med å fremme god psykisk helse og eit godt psykososialt miljø. Det er også gjennomført foreldremøte med dette som tema.

Skulen har hatt ein auke i trivsel i forhold til elevundersøkinga frå i fjor. Vi har hatt ei rekke trivselstiltak; månadlege trivselsdagar for dei ulike trinna, leirskuleopphold for 7. klasse, skulejogg, tinestafetten, julefest, bli med dansen, diverse turar.

01.08.17 var det endring i kapittel 9-a i opplæringslova som gjeld det psykososiale miljøet. Det er ny og skjerpa aktivitetsplikt når ein elev opplever å bli krenkja. Det har vore eit mål at skulen følgjer opp planane sine for å førebyggje og handtere mobbing, samt at planen vert revidert etter ny lov. Dette arbeidet pågår samstundes med at det vert skulert eit internt team som skal ha ekstra kompetanse på området og kan bistå kollegiet.

Skulefritidsordninga

Det har vore ein auke i søknad til SFO. Det har vore opp til 28 barn som har nytta seg av tilbodet i 2017. Dei fleste er elevar på 1.- og 2. trinn. Det har vore eit variert og godt tilbod på SFO. Utanom det vanlege tilbodet har dei i 2017 også hatt eit tilbod om leksehjelp to dagar i veka. SFO innførte administrativt program (IST) for opptak, fakturering og påmelding til daglege aktivitetar.

Digitalt førsteval

Som del av eit framtidssretta samfunn er det viktig å førebu elevane til deltaking i eit digitalisert arbeidsliv og kvardag. Det har vore oppgradering av IKT utstyr til elevane gjennom ipad til alle elevar på 1.-4. trinn og pc-ar på dei andre trinna. Vi er i oppstart for å digitalisere meir av det pedagogiske arbeidet for elevane. Det har vore kompetanseheving for dei tilsette i Microsoft 365, og vi har representantar i HOT si satsing «Velferdsteknologiens ABC». Dette vert vidareført og utvida fram mot 2020.



Brukar og innbyggjar

Talet på elevar er 167 skuleåret 2017/2018. Dette er ein auke på 6 elevar i forhold til skuleåret 2016/2017. Dette skuldast både tilflytting og busetting av flyktningar.

Tilstandsrapport for 2017 vart lagt fram for kommunestyret 30. november 2017. Rapporten viser at Sandøy kommune ligg gjennomgåande noko under landsgjennomsnittet for

læringsmiljøet, med unntak for mobbing og støtte frå lærarane på trinn 7 der resultatet er meir positivt. Læringsresultatet varierer. Eksamensresultatet er noko lågare enn gjennomsnittet for fylket og nasjonalt.

Grunnskolepoeng er summen av standpunkt og eksamen og er eit mål for det samla læringsutbyttet for elevar som får sluttvurdering med karakterar. Desse blir brukt som grunnlag ium for opptak til vidaregåande skole. For skuleåret 2016-2017 var gjennomsnitt grunnskuleskulepoeng 41,6 i Sandøy kommune. Dette er litt over fylkesgjennomsnittet (41,3) og landsgjennomsnittet (41,4).

Det var ikkje etablert eit FAU (foreldrerådets arbeidsutval) skuleåret 2016/2017, men hausten 2017 kom det på plass eit aktivt FAU. FAU har arbeidd med forslag om å få inn klassetur i 10. klasse i skuletida og for å få overbygg ved inngangar og uteskur.

Det var SU (samabeidsutval) skuleåret 2016/2017. Skuleåret 2017/2018 er det ikkje blitt etablert. Skulen har elevråd, som har arbeidd med mellom anna desse sakene: trivselsreglar i kantine og meir aktivitet i friminuttet. Det vart også utarbeidd plan for uteområdet for ungdomstrinnet. Dette arbeidet starta opp våren 2017 og skal vidareførast denne våren.

Det er gjennomført foreldremøte på alle trinn hausten 2017, og det er gjennomført elevsamtalar og utviklingsamtalar med alle elevane.



Prioriterte tiltak for 2017


Ungdomstrinn i utvikling	Øke leselyst	Organisasjonsutvikling	Samarbeid
<ul style="list-style-type: none">•Prioritere klasseledelse og lesing i alle fag•Hele skolen skal delta•Gjennomføre utviklingsarbeidet saman med Haram	<ul style="list-style-type: none">•Utvikle skolebiblioteket•Stimulere leselysten hos elvene	<ul style="list-style-type: none">•Forsette arbeidet med organisasjonsutvikling ved Harøy skole•Innføre nytt kvalitetssystem•Prioritere minst 2 lærere til videreutdanning (jfr. kompetansekrav)	<ul style="list-style-type: none">•Godt samarbeid med foreldre•Sterkt fokus på medverknad frå elevar

Oppfølging og status


Når det gjeld oppfølging av prioriterte område, er dette omtalt ovanfor. Særleg arbeidet med kvalitetssystem og samarbeid/medverknad har ikkje fått tilstrekkeleg prioritet.

Barnehage

Driftsutgifter per gruppeart



Driftsinntekter per gruppeart



Nøkkeltal frå dei 5 samanslåingskommunane (Kostra-tal publisert 15.03 – førebels tal 2017)

Netto driftsutgifter barnehagesektoren i prosent av kommunens totale netto driftsutgifter	2014	2015	2016	2017
Ålesund	17,5	16,5	16,5	16,2
Ørskog	14,9	12,9	13,3	13,6
Skodje	17,2	16,1	16,1	15,2
Haram	13,9	14,6	14,5	14,8
Sandøy	12,2	11,2	10,2	9,8
Kostragruppe 05	8,8	8,4	8,6	8,8

Korrigerte brutto driftsutgifter i kroner per barn i barnehage	2014	2015	2016	2017
Ålesund	173 700	168 821	175 596	187 686
Ørskog	193 616	208 173	247 246	248 920
Skodje	149 543	138 462	161 387	179 627
Haram	176 972	181 804	201 544	196 189
Sandøy	202 138	201 233	212 035	230 529
Kostragruppe 05	181 234	184 460	194 480	204 328


Andel barn som har ekstra ressursar til styrka tilbod til førskulebarn, i forhold til alle barn i barnehagen	2014	2015	2016	2017
Ålesund	20,5	21,3	24,9	27,3
Ørskog	24,4	32,1	17,5	22,0
Skodje	11,9	13,8	14,5	21,4
Haram	11,2	13,2	11,6	11,3
Sandøy	32,3	33,3	29,8	43,1
Kostragruppe 05	14,2	15,8	18,4	20,9

«Netto driftsutgifter til barnehage i prosent av kommunen sin totale netto driftsutgifter» har gått ned og er låg samanlikna med dei andre samanslåingskommunane. Samalikna med kostra-gruppe 5 ligg kommunen litt høgare i 2017. Barnetalet i kommunen har gått ned, og det er derfor naturleg at denne andelen går ned slik som tabellen viser. «Korrigert brutto driftsutgifer i kroner per barn i barnehage» viser at utgifter per barn i barnehagen ligg høgare enn kostragruppera 5 og har auka dei siste åra blant anna fordi det er færre barn å dele utgiftene på, altså mindre «stordriftsfordelar».


I samsvar med tidlegare rapportar frå eininga er «andel barn som har ekstra ressursar til styrka tilbod til førskulebarn, i forhold til andre barn i barnehagen» vore høg dei siste åra i Sandøy kommune og auka kraftig i 2017.

Utvikling i Sandøy kommune (Kostra-tal publisert 15.03 – førebels tal 2017)


Andel barn 0-5 år med barnehageplass



**Andel barn med oppholdstid 33 timer eller
meir per veke**



Andel ansatte med barnehagelærerutdanning



Andel barn som har tilbod i barnehage har vore høg og stabil dei siste åra. Dei fleste som mottekk tilbod har nærmast full plass.

Sett bort frå 2015 har andel tilsette med barnehagelærarutdanning vore stabil. Andelen til Sandøy kommune er tilnærma lik som kostra-gruppe 5.

Økonomisk resultat 2017

KOSTRA Funksjon		Rekneskap 2016	Budsjett 2016	Rekneskap 2017	Budsjett 2017	Budsjett 2017 (justert)	Avvik
201	Førskule	7 481	8 873	7 907	9 103	8 803	896
211	Styrka tilbod til førskulebarn	234	97	543	638	618	75
221	Føskulelokaler og skyss	37	0	121	0	0	-121
Totalt		7 752	8 970	8 571	9 741	9 421	850

*Tal er i heile tusen

Det er mindreforbruk i tenesta. Dette skuldast m.a. redusert tal på årsverk frå august 2017. Samla utgifter til løn og sosiale utgifter er om lag 500 000,- mindre enn budsjettet. Vidare har tenesta hatt høgare inntekter enn budsjettet, m.a. på refusjon av sjukepengar og mentorutgifter, tilretteleggings- og lønstilskot.

Det er gjort større investeringar i inventar og utstyr, m.a. innkjøp av romdelarar og nytt datautstyr. Det er også høgare utgifter enn tidlegare knytt til kompetansehevingstiltak. Delar av dette er dekt gjennom ulike tilskot.

Medarbeidar og arbeidsmiljø

Personalressursen var 16,1 årsverk pr. 01.01.17. Barnehagen hadde to lærlingar i barne- og ungdomsarbeidarfaget første halvdel av 2017. Ein lærling fullførte fagbrev. Personalressursen vart redusert frå nytt barnehageår i august 2017, og pr. 15.12.17 var personalressursen 13,7 årsverk. Barnehagen hadde ein lærling i barne- og ungdomsarbeidarfaget hausten 2017. Fagprøve skal gjennomførast i 2018.

Sjukefråveret var 10,2. Det høge sjukefråveret skuldast i hovudsak fleire langtidssjukemeldingar. Mykje av dette er helsemessige utfordringar som ikkje skuldast tilhøve på arbeidsplassen.

Ein tilsett tek vidareutdanninga «Psykososialt arbeid med barn og unge», og ein tilsett starta på barnehagelærarutdanning hausten 2017.

Utfordringar med overtalige i tenesta har vore løyst gjennom både varig og midlertidig omplassering til anna teneste, og som følgje av tilsette i permisjon utan løn.

Medarbeiderundersøkinga viste eit resultat vi er nøgde med. Vi hadde lågast skår på jobbkrav og kontroll i arbeidet. Leiing fekk jamt over greie resultat, men her var det noko mindre semje i svara. Vi hadde høgast skår på sosialt samspel og engasjement i organisasjonen. Vi har gjennomført medarbeidersamtalar. Tilbakemeldingar er jamt over positive, og det er stor oppleving av eit godt arbeidsmiljø og trivsel på arbeidsplassen.

Tenester

Pr. 01.01.17 hadde 57 barn plass i barnehagen. Pr 15.12.17 hadde 51 barn plass. Rett til barnehageplass i tråd med barnehagelova § 12 a er oppfylt. Det var særstort behov for spesialpedagogiske tiltak og assistentressurs knytt til både einskildbarn og barnegrupper vårhavåret 2017. Barnehagen hadde og styrka ressurs knytt til mottak av flyktningbarn. Behovet for spesialpedagogiske tiltak og styrkingsressurs var mindre for haust 2017.

Det har vore viktig å ta hand om dei overordna barnehagefaglege oppgåvene i kommunen til fordel for ordinære styraroppgåver i periodane vi har mangla einingsleiar. Fagleg oppfølging og rettleiding av tilsette, oppfølging av kompetanseplan, kontinuerleg arbeid med internkontroll, samt informasjon og samarbeid med foreldre er moment som har fått for liten prioritet. Dette vil på sikt vere sårbart for arbeidet ute i avdelingane. Vi er likevel nøgd med kvaliteten på tenestene takka vere dyktige og erfarne medarbeidarar i tenesta.

Langsiktige planar for arbeid med språk og psykososialt miljø er ikke fullført som planlagt. Mellom anna med bakgrunn i høgt sjukefråver og delvis personalmangel har dette ikke vore mogleg å vidaredelegere, samt at vi har prioritert å ikke redusere pedagogressurs i det direkte arbeidet med barna.

Ny rammeplan for barnehagens innhald og oppgåver var gjeldande f.o.m. 01.08.17. Barnehagen har prioritert arbeid med planlegging og gjennomføring av denne. Det er lagt vekt på arbeid med verdigrunnlaget i ny rammeplan. Arbeidet er godt i gang, men dette er arbeid som tek tid å implementere. I tråd med kommunen si overordna satsing på folkehelse har vi særskilt hausten 2017 sett fokus på livsmestring og helse. Vi arbeider vidare i tråd med nasjonal strategi for lesing og skriving, og gjennomfører kompetansehevingstiltak «Språkløyper».

Brukarsituasjon og innbyggjar

Vi har gjennomført den nasjonale «Foreldreundersøkelsen for barnehager» også i 2017. Det er jamt over gode resultat. Samanlikna med 2016 får vi jamt over ein svak oppgang. Vi får betre totalskår på «Relasjon mellom barn og voksen», «Tilvenning og skolestart» og «Tilfredsheit», medan vi har svak nedgang på «Medverknad» frå 2016. «Barnets trivsel» og «Barnets utvikling» er det fortsatt god skår på, medan vi forsatt skårer mindre bra på «Informasjon». Samarbeidsutval for barnehagen har delteke i å utarbeide handlingsplan.

Prioriterte tiltak for 2017

Kompetanse	Spesialpedagogisk hjelp	Psykososialt arbeid
<ul style="list-style-type: none">•Fokus på kompetanseheving i personalet•Implementering av nytt kvalitetssystem	<ul style="list-style-type: none">•Prioritere å oppfylle lovkrav om spesialpedagogisk hjelp fremfor å gi plass til barn som ikke har rett på barnehageplass	<ul style="list-style-type: none">•Utarbeide langsigktige planer for arbeid med språk og psykososialt miljø

Oppfølging og status

Implementering av nytt kvalitetssystem vart ikkje aktuelt då det vart bestemt å fortsette med IKKS i staden. Internkontroll er noko nedprioritert, men det er gjennomført kontinuerleg oppfølging av prosedyrar, men prosedyrane er ikkje revidert og gjennomgått med tanke på endring i lov- og regelverk dei siste åra.

I høve langsiktige planar for arbeid med språk og psykososialt miljø, er dette omtalt under Tenester. Dette arbeidet er starta, men ikkje fullført som planlagt.


Dei fleste punkta på status er knytt til kompetanseheving i personalet.

Lovkrav om spesialpedagogisk hjelp er oppfylt i tråd med sakkunnig tilråding.




Kultur

Driftsutgifter per gruppeart



Driftsinntekter per gruppeart



Nøkkeltal frå dei 5 samanslåingskommunane (Kostra-tal publisert 15.03 – førebels tal 2017)

Netto driftsutgifter kultursektoren i prosent av kommunens totale netto driftsutgifter	2014	2015	2016	2017
Ålesund	3,4	3,5	3,3	3,2
Ørskog	3,0	4,0	3,6	4,9
Skodje	2,9	2,5	2,1	2,3
Haram	3,2	3,2	3,0	2,6
Sandøy	3,4	2,1	2,6	2,8
Kostragruppe 05	2,9	2,8	2,9	3,0

Antall frivillige lag som mottar kommunale driftstilskot	2014	2015	2016	2017
Ålesund	55	44	40	25
Ørskog	17	14	15	9
Skodje	1	..	7	2
Haram	28	26	34	28
Sandøy	18	16	10	7
Kostragruppe 05	491	507	477	465

Andel elever (brukarar) i grunnskolealder i kommunens musikk- og kulturskole, av antall barn i alderen 6-15 år	2014	2015	2016	2017
Ålesund	17,2	17,0	16,8	16,7
Ørskog	33,4	29,9	25,7	21,8
Skodje	7,7	8,4	10,5	11,1
Haram	15,7	15,7	14,5	13,1
Sandøy	39,2	33,8	33,4	39,1
Kostragruppe 05	27,5	25,2	26,0	27,2

«Netto driftsutgifter kultursektoren i prosent av kommunen sine totale netto driftsutgifter» har vore stabil dei siste åra i Sandøy kommune. Nivået er nokså likt med både samanslåingskommunane (med noko unntak) og kostragruppe 5.

«Antal frivillige lag som mottar kommunale driftstilskot» er redusert dei siste åra. Det er viktig å merke seg at statistikken tek ikkje omsyn til kor mange aktuelle organisasjoner som fins i kvar kommune. Kostragruppe 5 viser totalen av alle kommunene og er vanskeleg å samanlikne seg med i dette tilfellet.


«Andel elevlar i grunnskulealder i kommunen sin musikk- og kulturskule av antall barn i alderen 6-15 år» er svært høg i Sandøy kommune. Det vil seie at deltakinga i musikk- og kulturskulen er høgare i Sandøy kommune enn både samanslåingskommunane og kostragruppe 5 ut i frå kor mange aktuelle deltakarar som fins i kommunane.

Utvikling i Sandøy kommune (Kostra-tal publisert 15.03 – førebels tal 2017)


Årleg totalt besøk i kommunalt drevne fritidssenter per 1000 innb. 6-20 år



Bokutlån frå folkebiblioteket per innbygger



Besøk per kinoforestilling



Statistikken viser ein auke i besøk av fritidssenter i Sandøy kommune dei siste åra. Bokutlån frå folkebiblioteket per innbygger er noko redusert frå 2013 til 2016, men samanlikna med kostragruppe 5 og dei andre samanslåingskommunane ligg Sandøy kommune langt høgare. Besøk per kinoforestilling har vore synkande sidan 2015.

Økonomisk resultat 2017

KOSTRA Funksjon		Budsjett					
		Rekneskap 2016	Budsjett 2016	Rekneskap 2017	Budsjett 2017	2017 (justert)	Avvik
231	Aktivitetstilbod barn og unge	12	93	1	141	32	31
370	Bibliotek	620	694	615	698	617	2
373	Kino	0	0	3	0	0	-3
375	Museer	25	31	0	21	21	21
377	Kunstformidling	13	31	0	52	21	21
	Idrett og tilskot til andres idrettsanlegg	410	447	505	464	443	-62
380	Musikk- og kulturskular	875	1 068	832	1 014	939	107
	Andre kulturaktivitetar og tilskot til andre kulturygg	-52	71	137	134	134	-3
Totalt		1 903	2 435	2 093	2 524	2 207	114

*Tal er i heile tusen

Det er eit mindreforbruk i kultur med 0,01 mill. kroner. Dette skuldast i hovudsak mindreforbruk i kulturskulen. Grunna forseinkingar er kommunen sitt bidrag til Romsdalsmuseet i 2017 ført i rekneskap 2018.

Medarbeidar og arbeidsmiljø

Det er om lag 3 årsverk på kulturområdet, av desse er ca 2 i kulturskulen og ca 0,8 i biblioteket. Biblioteksjefressursen på 20% var vakant hausten 2017.

Tenester

Skule- og folkebiblioteket

På skule- og folkebiblioteket vart det i 2017 gjort mellombels tilsetting i bibliotekarstillinga (80%) medan biblioteksjefstillinga har vore vakant. Biblioteket har funksjon både som skulebibliotek og folkebibliotek. Det har vore arbeidd aktivt for i større grad å gjere biblioteket til ein møteplass for innbyggjarane. Sandøy Folkebibliotek arrangerte frå juni til august Sommarles 2017, ein lesekonkurranse for barn mellom 0-13 år. Sandøy kommune hadde den høgste deltaking pr. elevtal i heile Noreg. I september arrangerte biblioteket forfattarbesøk av Nina E. Grøntvedt for småskulen. I november arrangerte biblioteket saman med Folkeakademiet «Språkkafé» for fyrste gong. Der var det heile 26 deltararar. Språkkafe vil vere eit fast innslag på biblioteket framover. I desember arrangerte biblioteket og Folkeakademiet ein kveld der vi baka norske julekaker i lag med familiar frå Syria. Biblioteket søkte Nasjonalbiblioteket om midlar til hyller og skilting på biblioteket og vi mottok 40 000 kr. til det.

Biblioteket har opent 18 timer i veka fordelt på fire dagar. Biblioteket har eit godt samarbeid med skulen, og skulen kan også bruke biblioteket utover opningstida. Sandøy Folkebibliotek

har det siste året opplevd ein stor auke i utlån av bøker, fjernlån, e-bøker og lydbøker. Tal fysiske besøk viser og teikn til oppgang. Biblioteket har eit høgt og jamt utlån av spesielt barnebøker, romanar og krimbøker. I takt med forandringar i samfunnet, og det at fleire brukar internett, vert det kjøpt inn færre filmar og musikk på biblioteket.

Kulturskulen

Det har vore arbeidd aktivt for å rekruttere elevar. Kulturskulen har 4 tilsette, i til saman knappe 2 årsverk. I dette inngår 20% administrasjonsressurs. Skulen har 62 elevar på totalt 76 elevplassar. Det vert undervist i song, piano, trommer, blåseinstrument og drill.

Undervisninga vert gitt både i form av individuell og gruppeundervisning. I tillegg til fast undervisning kvar veke, arrangerte kulturskulen 4 konserter. Kulturskuleelevar er aktive og spelar på andre arrangement som for eksempel kommunestyremøte, møte i pensjonistforeininga og på sjukeheimen, juleavslutning, 1.mai-arrangement og sjølvslagt på 17. mai.

Kulturskulen sel tenester til Harøy skulekorps, der alle medlemmane er elevar i kulturskulen. Korpset er veldig aktivt og held god kvalitet. Dei har tre faste konserter i året i tillegg til å delta på konkurransar og 17. mai. I fjor vann dei sin divisjon og fekk solistprisen. Kulturskulen sel også ressurs inn mot grunnskolen i form av KIS (korps i skolen). Alle elevar i 3. klasse lærer å spele eit instrument gjennom eit heilt år. Klassekorpset opptrer på juleavslutning og 17 mai. Kulturskulen er også teknisk arrangør for Den kulturelle skulesekken.

Aktivitetstilbod barn og unge

Ungdomsklubben Kvalen blir drive på frivillig basis av eit styre beståande av ein voksen og fire ungdommar. Det har vore god og kontinuerleg drift i 2017 og klubben hadde besøk av gjennomsnittleg 30 til 40 ungdommar kvar fredag. Dette er eit godt tilbod for ungdommen i kommunen der dei både får ansvar for drifta sjølv og har tryggleiken ved at voksne eldsjeler stiller som ansvarlege.

Maritimt aktivitetssenter, MAKs, er og driven på frivillig basis. Stor innsats er lagt ned av dei frivillige for å kunne gje barn og unge opplæring i bruk av utstyret og tryggleik rundt det. Anlegget vert brukt av skuleklassar og enkeltpersonar, både barn og voksne. MAKs deltok med aktivitet under 150 årsjubileet. Utan eldsjelene hadde ikkje senteret og aktiviteten her vore gjennomførbar.

Brukar og innbyggjar

Innsatsen som vert gjort i frivillige lag og organisasjonar er av uvurderleg verdi for kulturlivet i Sandøy kommune. Vi har eit allsidig foreningsliv der mange eldsjeler gjer det mogeleg å gje innbyggjarane eit godt tilbod innan både idrett og fysisk aktivitet, musikk, scenekunst, song og anna gjennom eigen aktivitet eller som publikum. Kommunen prøver å forvalte desse initiativa og dugnadsånda ved økonomisk og organisatorisk støtte eller på andre måtar å legge til rette for aktiviteten i lag og organisasjonar. Kommunen bidreg i form av å stille med lokale til for eksempel Ungdomsklubben Kvalen, yte driftsstøtte og prosjektstøtte og å gå inn som eigar av anlegg og bygningsmasse som for eksempel med idrettshall, gymsal og Håp i Havet.

I samband med 150 års jubileet vart det i 2017 vart det med støtte frå kommunen gjennomført fleire aktivitetar der lag og organisasjonar var involverte. Vi vil framover også arbeide for å organisere det frivillige arbeidet i ein frivilligsentral. At frivilligkeit og dugnadsånd framleis står så sterkt i kommunen er ein viktig ressurs når vi no skal gå inn som ein del av ei større kommune samtidig som vi vil ta vare på det som er særegent for oss.

Prioriterte tiltak for 2017

Kulturplan	Bibliotek	Kvalen	Organisasjonar og lag
<ul style="list-style-type: none"> •Utarbeide en helhetlig kulturplan for kommunen 	<ul style="list-style-type: none"> •Skolebiblioteket skal øke leselyst blant elevene •Folkebiblioteket skal lage ein plan for å øke interesse og aktivitet 	<ul style="list-style-type: none"> •Opprettholde og fortsette driften av Kvalen ungdomsklubb 	<ul style="list-style-type: none"> •Øke midler til organisasjoner og lag i kommunen


Oppfølging og status

- Heilheitleg kulturplan er ikkje utarbeidd.
- Biblioteket har ikkje laga ein plan for å auke interesse og aktivitet, men er på veg til å utvikle seg til ein møteplass for brukarane gjennom ulike aktivitetar. Skulebiblioteket er godt besøkt og har ulike tiltak for å auke leselysta hos elvane
- Drifta av Kvalen ha vore stabil, og klubben har hatt ein stor auke i besøket




7.3 Nav, barnevern, rus og sosiale teneste

Driftsutgifter per gruppeart



Driftsinntekter per gruppeart



Nøkkeltal frå dei 5 samanslåingskommunane (Kostra-tal publisert 15.03.18 – førebels tal 2017)

Netto driftsutgifter til sosialtenesta i prosent av netto driftsutgifter	2014	2015	2016	2017
Ålesund	3,6	3,9	3,9	3,8
Ørskog	2,7	2,6	2,4	3,5
Skodje	1,9	2,0	3,4	3,7
Haram	1,8	2,6	2,7	2,1
Sandøy	0,5	0,7	1,2	1,6
Kostragruppe 05	1,7	1,8	2,0	2,2

Gjennomsnittleg sosialstønad per sak (kroner)	2013	2014	2015	2016
Ålesund	27 213	29 162	32 162	31 343
Ørskog	23 249	20 839	29 173	26 569
Skodje	19 910	24 070	29 016	31 054
Haram	21 102	23 514	31 344	31 806
Sandøy	16 158	10 627	17 370	20 444
Hele landet	39 834	41 924	43 596	45 130

Netto driftsutgifter per innbyggjar 0-17 år, barneverntenesta	2014	2015	2016	2017
Ålesund	8 509	8 939	9 431	12 104
Ørskog	6 202	7 842	6 263	7 248
Skodje	5 868	8 462	8 568	8 975
Haram	6 849	5 617	5 864	5 745
Sandøy	5 094	3 769	4 143	5 353
Kostragruppe 05	8 526	8 431	8 894	8 888


«Netto driftsutgifter til sosialtenesta» er lågast i Sandøy kommune samanlikna med samanslåingskommunane og kostragruppe 05.

Dette gjenspeglar seg også i «gjennomsnittleg sosialstønad per sak». Dette beløpet er relativt lågt i kommunen.


«Netto driftsutgifter per innbyggjar 0-17 år, barnevernsteenesta» er lågare i Sandøy kommune enn i dei andre kommunane og kostragrups 05. Likevel viser statistikken ein auke frå 2015 til 2017.

Utvikling i Sandøy kommune (Kostra-tal publisert 15.03 – førebels tal for 2017)

**Andel barn med barnevernstiltak
ift. innbyggere 0-17 år**



**Andel sosialhjelpmottakarar alderen 20-66
år av innbyggerne 20-66 år**



2014 2015 2016 2017

Andel barn med barnevernstiltak har auka jamt dei siste åra i kommunen. Det var nesten ei dobling av antal tiltak frå 2014-2017. Andel sosialhjelpmottakarar auka jamt frå 2014 til 2016, men har siste året gått litt ned.

Økonomisk resultat 2017

KOSTRA Funksjon		Budsjett					
		Rekneskap 2016	Budsjett 2016	Rekneskap 2017	Budsjett 2017	2017 (justert)	Avvik
242	Sosial rådgjeving og veiledning	527	466	552	491	481	-71
243	Tilbod til personar med rusproblem	0	31	0	32	32	32
244	Barnevernteneste	880	877	969	920	894	-75
251	Barnevernstiltak når barnet ikkje er plassert av barnevernet	96	304	62	310	310	248
252	Barnevernstiltak når barnet er plassert av barnevernet	37	249	341	255	255	-86
276	Kvalifiseringsordninga	0	2	0	0	0	0
281	Ytelser til livsopphald	233	160	9	164	164	155
283	Bistand til etablering av eigen bustad	0	0	0	0	0	0
325	Tilrettelegging og bistand for næringsliv	81	94	47	99	95	48
Totalt		1 855	2 182	1 979	2 271	2 231	252

*Tal er i heile tusen

Eininga hadde eit samla mindreforbruk på 0,25 mill. kroner i 2017. Forbruket var 89% av budsjettet. Sosial rådgjeving hadde eit meirforbruk som følgje av høgare andel til det interkommunale Krisesenteret i Ålesund. Samstundes var ytelser til livsopphald (sosialstønad) langt lågare enn budsjettet i 2017. Ser ein barnevern under eitt vart det eit mindreforbruk i 2017 på om lag 0,09 mill. kroner.

Medarbeidar og arbeidsmiljø

NAV Sandøy har 2 kommunale stillingar i kontoret. Ein tilsett var ute i permisjon til oktober 2017. I denne perioden var vikar tilsett. Sjukefråveret har vore lågt og er for det meste eigenmeldt fråver.

Dei kommunalt tilsette i kontoret har vore med på 2 arbeidsmiljøundersøkingar i 2017 – ein i communal og ein i statleg regi. På grunn av få tilsette, får vi ikkje eigne resultat frå desse undersøkingane. Generelt vert arbeidsmiljøet i kontoret opplevd som godt.

Tenester

Obligatoriske tenester som ligg til NAV-kontoret:

- Statlege tenester retta mot arbeid og aktivitet
- Kommunale tenester heimla i Lov om sosiale tenester i NAV:
økonomisk sosialstønad, råd og rettleiing, gjeldsrådgjeving, midlertidig bustad m.m.

Kommunale tenester som ikkje er obligatorisk, men som kommunen har lagt til NAV-kontoret:

- Barnevern
- Rus
- Deler av kommunalt næringsfond
- Husbanken sine låne- og tilskotsordningar
- Bustønad

Frå 1.1.17 fekk Lov om sosial tenester ein ny paragraf - § 20 a: «Det skal stilles vilkår om aktivitet for tildeling av økonomisk stønad til personer under 30 år, med mindre tungtveiende grunner taler mot det». For å kunne handheve aktivitetskravet, må kommunen planlegge aktivitetar som desse personane kan setjast til, dersom dei får innvilga økonomisk stønad. Erfaringane vi har til no med å setje vilkår, er positive.

Krava til tenestetilbodet har vore oppfylt. Vi har balansert målstyring på dei statlege oppgåvene. Måloppnåing på indikatorane vi vert målt på, har vore gode. Dei kommunale tenestene har vore utført innan gjeldande fristar.

Av sosiale tenester er det økonomisk rådgjeving/gjeldsrådgjeving som har auka mest. Dette er tenester som er resurskrevjande.

Barnevernet hadde i 2017 eit utfordrande år. Ein del saker har kravd store ressursar både i tid og personell. Vi har erfart at barnevernet ikkje har nok tilsette til å utføre det arbeidet som trengst når vi får slike kompliserte og tidkrevjande oppgåver som det har vore dette året. Det vert difor arbeidd med å finne andre måtar for å styrke/utføre barnevernsarbeidet på. Mest aktuelt er å kjøpe tenester eller inngå samarbeide med andre kommunar. Dette vert det arbeidd vidare med i 2018.

Brukar og innbyggjar

Vi har ikkje hatt serviceklager i 2017. Det har vore gjennomført brukarundersøking. Brukarmedverknad vert gjort ved at vedtak som angår brukarane, ikkje vert gjort utan at dei har delteke i si eiga sak. For å kunne gje brukarane betre service, har vi redusert ad hoc samtalar og auka førehandsavtalte samtalar. Vi har fått til eit godt, regelmessig og formelt samarbeid i kommunen om oppfølging av brukarar som er i introduksjonsordninga.

Heller ikkje i 2017 greidde vi å etablere eit brukarutval. Vi arrangerer i samarbeid med Sandøy Næringslag 2 faste årlege møte med næringslivet i kommunen. Hovudtema på møta er sjukefråversoppfølging, men også andre aktuelle tema vert tatt opp.

Prioriterte tiltak for 2017

Barnevern	Forebyggende arbeid	Vanskligstilte i fokus	Næringslivet
<ul style="list-style-type: none">•God og tett oppfølging i barnevernet•Gode tiltak som nyttar	<ul style="list-style-type: none">•Oppfølging av personar under 30 år som er utan skulegang, arbeid eller aktivitet•Fleire i arbeid og færre på stønad•HMS og økonomikontroll	<ul style="list-style-type: none">•Ein vil fokusere på å betre levevilkåra for vanskeligstilte•Godt samarbeid med andre kommunale einingar og samhandlarar	<ul style="list-style-type: none">•Arbeide for godt samarbeid med det lokale næringslivet


Oppfølging og status

- Arbeidet med å få til mindre sårbare tenester innan barnevernet starta i 2017.
- Oppfølging av ungdom og personar under 30 år: krav om aktivitet frå 1.1.17 er gjennomført.
- Det er eit kontinuerleg arbeid å få fleire over frå passivitet til aktivitet.
- Eininga har utarbeidd kompetanseplanar.
- Det er eit kontinuerleg arbeid å sikre betre levekåra for vanskelegstilte. Barn sine behov vert spesielt prioritert.
- Samarbeid med lokalt næringsliv: Det er gjennomført 2 møte i 2017.
- Det er god økonomikontroll.
- Det er samarbeid med kommunen om brukarar i introduksjonsordninga. Samarbeidsavtale er inngått.




7.4 Helse- og omsorgsteneste

Driftsutgifter per gruppeart



Driftsinntekter per gruppeart



Nøkkeltal frå dei 5 samanslåingskommunane (Kostra-tal publisert 15.03.18 – førebels tal 2017)

Netto driftsutgifter helse- og omsorg, i prosent av totale netto driftsutgifter (Funksjon 233, 234, 241, 234, 253, 254, 261, 255, 256)	2014	2015	2016	2017
Ålesund	38,9	37,1	37,6	39,1
Ørskog	41,1	38,2	36,7	36,1
Skodje	40,0	38,3	35,6	36,7
Haram	6,0	38,9	39,5	40,3
Sandøy	42,1	39,6	38,0	37,7
Kostragruppe 05	43,4	40,3	40,4	40,0

*tabellen inneholder funksjon 241 som også omhandler legetenesta under område 1, samt institusjonslokale som ligg til teknisk under område 8.

Andel årsverk i brukarretta tenestem/fagutdanning	2014	2015	2016	2017
Ålesund	76	76	76	75
Ørskog	73	78	77	76
Skodje	65	68	67	68
Haram	75	76	75	72
Sandøy	73	68	72	70
Kostragruppe 05	76	71	73	73

Brutto driftsutgifter pr. mottaker av kommunale pleie og omsorgsteneste	2014	2015	2016	2017
Ålesund	428 852	412 734	437 563	441 792
Ørskog	363 635	413 116	456 368	436 984
Skodje	551 830	581 250	616 520	644 937
Haram	339 566	339 366	412 645	431 561
Sandøy	401 611	427 198	432 228	367 370
Kostragruppe 05	414 084	402 914	385 217	432 715


«Netto driftsutgifter helse- og omsorg, i prosent av totale netto driftsutgifter» har vore synkande dei siste åra i Sandøy kommune og ligg under kostragruppe 05. Sandøy kommune er noså lik dei andre samanslåingskommunane i andelar til desse tenestene.

«Andel årsverkt i brukarretta teneste m/fagutdanning» har vore stabil dei to siste åra. Det er nokså jamt med både kostragruppe 05 og dei andre samanslåingskommunane.


«Brutto driftsutgifter per mottakar av kommunale pleie og omsorgsteneste» er redusert frå 2016 til 2017. Kommunen bruker færre midlar enn kostragruppe 05 og dei andre samanslåingskommunane.

Utvikling i Sandøy kommune (Kostra-tal publisert 15.03 – førebels tal for 2017)


Andel brukar av heimeteneste per 1000 innb. 80 år og over



Andel beboere i institusjon av antall plassar (belegg)



Andel av alle brukere som har omfattande bistandsbehov



Andel brukarar av heimeteneste per 1000 innb. 80 år og over varierar kvart år, men frå 2016 til 2017 auka andelen nokså mykje i kommunen. Kommunen har hatt høgt belegg i institusjon i 2015 og 2016 og det er redusert noko i 2017. Andel brukarar med omfattande bistandsbehov er redusert jamnleg sidan 2014.

Økonomisk resultat 2017

KOSTRA Funksjon		Budsjett					
		Rekneskap 2016	Budsjett 2016	Rekneskap 2017	Budsjett 2017	2017 (justert)	Avvik
120	Administrasjon	19	0	0	0	0	0
202	Grunnskule	713	790	783	814	786	3
231	Aktivitetstilbod barn og unge	14	101	212	100	99	-113
232	Førebyggj. - skule og helsestasjonsteneste	1 589	1 220	788	1 228	1 195	407
233	Førebyggj. arbeid, helse og sosial	-3	266	-133	305	296	429
234	Aktiviserings- og servicetjenester overfor eldre og personer med funksj.nedsette	388	493	1 749	465	432	-1 317
241	Diagnose/behandling/rehabilitering	408	962	594	1 074	543	-51
253	Helse- og omsorgstenester i institusjon	17 570	17 733	17 751	18 726	18 140	389
254	Helse- og omsorgsjenester til heimebueade	11 010	13 394	11 009	14 108	13 723	2 714
256	Tilbod om øyeblankeleg hjelp døgnopphald i kommunen	188	0	614	0	0	-614
261	Institusjonslokale	510	0	331	0	0	-331
Totalt		32 407	34 959	33 699	36 820	35 214	1 515

*Tal er i hele tusen

Det er mindreforbruk etter korrigert budsjett. Dette grunna vakanse i stillinger, redusert innleige og tilskotsmidlar som har styrka ramma. Kommunen har fått invilga omsøkt tilskot til Dagaktivitetssenter for fleire pasientar i 2017(12). Tildelt tilskot til kommunopsykolog for 2017 vert overført til 2018.

Det er høgare utgifter enn tidlegare til kompetansehevingstiltak. Delar av dette er dekkja gjennom kompetanse- og innovasjonstilskot frå fylkesmannen, og redusert innleige. Eininga bidreg inn mot kommunereformarbeidet, og har ekstra utgifter knytt til dette når det er helsepersonell/tillitsvalde i turnus som deltek.

Tal pasientar har gått ned og vil truleg halde seg på 2017-nivå nokre år framover. Slik vi kjenner drifta med fortsatt fråver knytt til sjukdom, vakanse og utdanningspermisjonar, vil vi ha innleige frå vikarbyrå også i 2018. Dette primært for å styrke sjukepleiefaget.

Medarbeidar og arbeidsmiljø

Fleire medarbeidarar har teke ut pensjonsordningar i 2017. Det har lykkast å rekruttere to nye sjukepleiarar (2x100%), kommunefysioterapeut (100%) og musikkterapeut (20%). Rekruttering dekkjer ikkje den vakanse vi har i tenesta. Det vert og i 2018 lyst ledig sjukepleiestillingar.

Det har over år vore arbeidd med heiltidskultur. Dette gjer at tenesta med døgnbemanning har mange småstillingar på helg som skal dekkast. Leiari har drøfta med tillitsvalde høve til å ha langvakter for betre å dekke opp bemanningsbehov på helgar. Tilbakemelding frå tillitsvalde var hausten 2017 at det ikkje er interesse for slik utprøving hjå medlemmar. Det bør vurderast om alle som vert tilsett framover, som kan ha kombinasjonsstilling, bør arbeide på helg. Realisering av Sandøytunet med endå tettare samdrift er viktig tiltak for redusere rekrutteringsutfordringa.

Trass krevande drift i byggeprosjekt har eininga prioritert kompetansehevande tiltak:

- 3 fagarbeidarar er i utdanning innan lindring/demens
- 1 sjukepleiar er i utdanning i velferdsteknologi
- 2 sjukepleiarar har vore i permisjon utan løn jfr. AML for å ta utdanning innan fag som ikkje er relevante for eininga.
- 2 lærlingar i helsearbeidarfaget
- 20 unge fekk opplæring i «dette må du kunne» i februar 2017
- 40 tilsette starta opp med Velferdsteknologiens ABC hausten 2017


Vi har meldt interesse for « Menn i helse» prosjektet utan å få inn kandidatar.

Frå 1.1.2017 vart årsverk i eininga omgjort slik at vi fekk fagleiarstillingar i prosjektstilling. Dette er vurdert å vere vellukka tiltak for å fordele meir oppgåver og redusere sårbarheit i dagelg drift. Dette var særleg viktig i ein situasjon der einingsleiar også er prosjektleiar for Sandøytunet.

Arbeidsmiljøundersøking gjennomført hausten 2017 gav betre resultat enn forventa oppnådd knytt til utfordrande drift i byggperioden. Leiar har saman med verneombod sett opp tiltak for oppfølging, mellom anna knytt til leiing, medarbeidarskap, opplæring og felles forståing av verksemda.

Tilsette har delteke i innovasjonsprosjekt for anskaffing av sjukesignalanlegg og tryggleikspakkar. Tilsette må førebuast på ein kvardag med fleire pasientar og mindre bemanning. Dette er krevjande og langevarige prosessar. Nye arbeidsformer og bruk av teknologi er ein føresetnad om vi skal lykkast i morgondagens omsorg.

Det har sidan byggestart i mai i 2017 vore krevjande for brukarar, besökande og tilsette i tunet. Organisasjonsutviklingsprosjektet har vore under planlegging i 2017. Tilsette arbeider godt under vanskelege forhold for at Sandøytunet skal bli ein god plass å bu, arbeide og besøke.



Tenester

Det er i tenesta fokus på forbettingsarbeid særleg gjeld dette pasientforløp og overgangar. Kommunen deltek i ulike læringsnettverk til dømes oppfølging av huntingtonssjukdom, og samarbeider med Nye Ålesund i nettverk innan områda pasientforløp og velferdsteknologi. Det er arbeidd med rutinar og forbetring av praksis heile året. Drift vert kontinuerleg vurdert for å sikre rett fokus.

Folkehelse og tiltak for barn og unge har vore satsing i 2017. Det lukkast i samarbeid med skulen å utvide skulemat/ kantine til å gjelde alle kvardagar for elevar og tilsette.

Aktivitetsveka 2017 hadde 150 års kommunejubileumstur til Ålesund, og besøkte Atlanterhavsparken. MOT arbeidet er gjennomført i skulen etter oppsett plan. Det vert arbeidd med å rekruttere ein instruktør til. Arbeidet med satsinga er enklare når det er to tilsette i tiltaka. Verdensdagen for psykisk helse vart markert i oktober med tema »noko å glede seg over». Det var i Sandøyhagen ope for alle med foredrag av Pål Eikrem «å bli klødd med ei fjær på feil plass».

Det er utprøvd og sett i drift bruk av LPM i institusjon. Dette for å vere budd på ny måte å dokumentere på i bueininga som er under bygging. LPM er handhalde einingar der ein har med seg fagprogram i telefonen. I heimetenester har dette vore i bruk sidan 2006.

Det er i 2017 endra ein del på samarbeidsformer og arenaer. Statlege føringar, forenkling og forbetring er rettesnor i arbeidet.

Det blir gledeleg å kunne få overta 9 bueiningar i Myra og Vassbekkvegen til pleie og omsorgsformål når renovering er ferdigstilt.



Brukar og innbyggjar

Det er stabilt tal på eldre pasientar, og i hovudsak får tilsette gode tilbakemeldingar på tilbodet i tenesta. Barn og unge med tiltak er veksande. Dette gjeld omsorgsløn, avlastande tiltak, fritidsassistent og støttekontakt. Det er særskilt viktig å ha koordinatør i tiltaka, slik at tenestene vert så samanhengande for barn/ foreldre som mogleg.

«Kva er viktig for deg dagen» var gjennomført i juni 2017. Der spurde vi tenestemottakarar kva som var viktig for dei. Å kjenne seg trygg var gjennomgående tilbakemelding frå pasientane.

Samarbeid med pårørande er godt, og vi har fått gjennomført mange pasient/pårørende samtalar. Det vert i desse samtalane kartlagt kva som er viktig for pasienten, og korleis vi i fellesskap skal arbeide for å nå måla.

Prioriterte tiltak for 2017

Sandøytunet	Samarbeid	Barn og unge	Velferdsteknologi
<ul style="list-style-type: none">•Morgendagens omsorg•Tenster der folk bur•Kva er viktig for deg?	<ul style="list-style-type: none">•Pårørandesamarbeid•Primærkontakter sin rolle•Samarbeid internt og eksternt•Digitalt førsteval med fokus på gevinstrealisering for pasient og samfunn•Kveldsmestring•Kommunereform	<ul style="list-style-type: none">•Førebyggande helsearbeid•Mission possible•Aktivitetsveka 2017•Realisere plan for samarbeid i skolehelsetenesta	<ul style="list-style-type: none">•Skifte alle analoge tryggleikalarmer med digitale•Tilrettelegge for videotilsyn på natt•Testperiode PDA i institusjon•Tilrettelegge for bruk av GPS

Oppfølging og status

- Prosjekt Sandøytunet: Byggeprosjektet starta opp i mai 2017 og er forventa ferdigstilt februar 2019.
- Multisjuke pasientar: Sandøy kommune deltek i KS nettverk i samarbeid med Ålesund kommune. Prioritert område er overgangar i pasientforløp, og « kva er viktig for deg ».
- Palliativ plan: Tilsette er godt i gang med å bruke palliativ plan som er Nasjonalt gjeldande. Planverkty gjev betring i prosessar for alle brukarar med behov for lindrande behandling. Leiing og tilsette har høg fokus på at verkty skal nyttast til alle pasientgrupper som har behov for slik plan.
- Kompetanseheving/ vidareutdanning for tilsette er gjennomført.
- Velferdsteknologi: Tilsette frå helse- og omsorg er med på innovative offentlege anskaffingar med Nye Ålesund, og deltek i det Nasjonale prosjekt for utbreiing av velferdsteknologi.
- Tidleg intervension hjå barn og unge: Faggrupper innan områda samarbeider med barnehage og skule om tiltak til barn og unge. Det er tilsett kommunefysioterapeut som


skal styrke tverrfagleg kompetanse innan satsinga. Psykisk helse og forelderrolla har vore prioritering i 2017. Det har vore lite aktivitet i Mission possible gruppa i 2017.

- Helsestasjonen yter tenester til barn, unge og foreldre frå barnehagen og skulen. Dette gjev nærliek til tenestene. Elevar i skulen kan sjølv ta kontakt med helsesøster ved behov. Samarbeidsavtale mellom helsestasjonen og Harøy skule er utarbeidd og implementert.




7.5 Teknisk teneste

Driftsutgifter per gruppeart



Driftsinntekter per gruppeart



Nøkkeltal frå dei 5 samanslåingskommunane (Kostra-tal publisert 15.03.18 – førebels tal 2017)

Årsgebyr for vannforsyning, ekskl. mva	2014	2015	2016	2017
Ålesund	1 802	1 892	2 176	2 331
Ørskog	1 428	3 279	3 375	4 776
Skodje	2 426	2 533	2 533	-
Haram	5 115	5 115	5 080	5 080
Sandøy	4 170	4 286	4 412	2 654
Kostragruppe 05	4 171	4 440	4 248	4 046

Årsgebyr for avløpstjenesten, ekskl. mva	2014	2015	2016	2017
Ålesund	3 231	3 328	3 494	3 906
Ørskog	2 090	3 093	2 769	2 895
Skodje	3 201	3 016	2 559	-
Haram	2 732	4 025	2 620	2 300
Sandøy	1 758	1 779	2 047	1 667
Kostragruppe 05	3 745	4 125	4 059	4 130

Brutto driftsutgifter i kr pr. km kommunal vei og gate	2014	2015	2016	2017
Ålesund	165 640	148 170	187 178	188 329
Ørskog	64 897	83 756	94 049	78 976
Skodje	48 283	61 957	80 000	75 854

Haram	80 991	87 596	87 267	111 526
Sandøy	63 941	50 611	67 389	67 667
Kostragruppe 05	69 765	74 140	80 781	80 886


«Årsgebyr for vannforsyning» vart redusert frå 2016 til 2017 i Sandøy kommune og er ein av dei rimelegare kommunane samanlikna med dei 4 andre samanslåingskommunane og kostragruppe 05. Tenesta er omfatta sjølvkostprinsippet og det er naturleg at gebyrnivået varierar mellom kommunane, då det er fleire faktorar som spelar inn.

«Årsgebyr for avløpstenesta» vart også redusert frå 2016 til 2017. Her er Sandøy kommune den rimelegaste av samanslåingskommunane og kostragruppe 05. Tenesta er omfatta sjølvkostprinsippet og det er naturleg at gebyrnivået varierar mellom kommunane, då det er fleire faktorar som spelar inn.


«Brutto driftsutgifter i kr. pr km communal veg og gate» syner at kommunen har vore på same nivå dei siste to åra. Her er det fleire forhold som spelar inn, men kommunen har lågare utgifter enn dei 4 andre samanslåingskommunane og kostragruppe 05.

Utvikling i Sandøy kommune (Kostra-tal publisert 15.03 – førebels tal 2017)


Årsverk i brann- og ulykkesvern per 1000 innbyggere



Sykkel-, gangvei/turstier per 10 000 innb.



Vedlikehaldsutgifter til kommunale vegar



Årsverk til brann- og ulykkesvern per 1000 innbygger har auka sidan 2014.

Sykkel-, gangveg/turstiar per 10 000 innbyggjar er noko redusert frå 2016 til 2017 (statistikken er påverka av antall innbyggjarar).

Vedlikehaldsutgifter til kommunalevegar har auka sidan 2015 i kommunen.

Økonomisk resultat 2017

KOSTRA Funksjon		Rekneskap	Budsjett	Rekneskap	Budsjett	Budsjett	Avvik
		2016	2016	2017	2017	2017 (justert)	
120	Administrasjon	1 531	1 611	1 488	1 716	1 630	142
121	Forvaltningsutgifter i eiendoms- Forvaltning	0	0	128	0	0	-128
130	Administrasjonslokale	323	303	403	374	366	-37
180	Diverse fellesutgifter	0	0	1	0	0	-1
190	Interne serviceeininger	0	0	0	0	-90	-90
221	Føskulelokaler og skyss	791	769	376	815	803	427
222	Skulelokale	2 324	2 304	2 658	2 388	2 348	-310
231	Aktivitetstilbod barn og unge	12	0	33	0	0	-33
	Aktiviserings- og servicetenester overfor eldre og personar med funksj.nedsetting	120	36	-6	36	36	42
241	Diagnose/behandling/rehabilitering	-2	0	2	0	0	-2
242	Sosial rådgjeving og veiledning	15	0	4	0	0	-4
253	Helse- og omsorgstenester i institusjon	0	10	0	0	0	0
261	Institusjonslokale	1 258	1 144	1 126	1 332	1 330	204
265	Kommunalt disponerte bustader	-801	-1 107	-1 355	-1 675	-1 675	-320
281	Ytelser til livsopphald	2	0	0	0	0	0
	Teneste utanfor ordinært kommunalt ansvarsområde	-687	-583	-743	-598	-599	144
301	Plansaksbehandling	35	44	238	174	174	-64
	Byggesaksbehandling og Eigarseksjonering	240	545	3	353	343	340
303	Kart og oppmåling	206	91	289	64	64	-225
315	Bustadbygging og fys.miljøtiltak	-105	-221	3	150	150	147
325	Tilrettelegging og bistand for næringsliv	-3	0	-23	0	0	23
329	Landbruk og landbruksbasert næring	0	0	181	0	0	-181
330	Samferdsle/transporttiltak	2	24	91	37	37	-54
332	Kommunale vegar	856	914	930	1 053	1 053	123
335	Rekreasjon i tettstad	37	3	31	2	2	-29
338	Førebygging av brann og andre ulykker	-78	11	-13	-84	-84	-71
339	Beredskap mot brann og andre ulykker	1 891	1 443	1 497	1 472	1 453	-44
340	Produksjon av vann	0	0	57	0	0	-57
345	Distribusjon av vann	0	-119	-57	0	0	57
353	Avløpsnett/innsamling av avløpsvatn	-60	-53	239	-92	-92	-330
	Tømming av slamavskillarar, septiktankar o.l.	1	0	0	0	0	0
355	Innsamling av forbruksavfall	-564	-4	2	0	0	-2
360	Naturforvaltning og friluftsliv	182	212	-3	216	216	219
380	Idrett og tilskot til andres idrettsanlegg	74	29	0	61	61	61
	Kommunalt idrettsbygg og Idrettsanlegg	0	0	33	0	0	-33
Totalt		7 602	7 406	7 613	7 795	7 527	-87

*Tal er i heile tusen

Eininga har eit meirforbruk på 0,08 mill. kroner. Dette skuldast i hovudsak lågare gebyrinntekter innan oppmåling og større utgifter innan avløp til tømming av kommunale tankar enn det som var budsjettert.

Medarbeidar og arbeidsmiljø

Fire reinhaldarar har gått av med pensjon eller slutta av andre årsaker. Vi vil tilsette to nye i heile stillingar. Vi har innført reinhaldsplanverktøy på nettbrett. Vi har ikkje lykkast med rekruttering til brannvesenet, og det er for tida tre vakante stillingar.

Leiar for eininga var konstituert rådmann fram til september, og det har medført mindre tid til å følgje opp dei tilsette. Eininga gjennomførte medarbeidarundersøking og skåra därleg på jobbkrav og leiing. Det er i samarbeid med vernetenesta utarbeidd og sett i verk tiltak for å betre dette. Eininga har ut frå storleik hatt den største deltakinga i kommunereformprosessen i 2017. Dette går følgeleg ut over andre oppgåver som ligg til eininga.

Tenester

Det har vore eit større tilfang av oppgåver enn det vi har hatt ressursar til å utføre. Men til trass for at leiar var konst. rådmann fram til september, leverte eininga gode resultat. Det er særleg verdt å trekke fram den formidable innsatsen som var lagt ned ved oppstart av Sandøytun-prosjektet med flytting av legekontor/helsestasjon. Når vi har mange store prosjekt i gang, samtidig som bemanninga har vore låg, er det ein uheldig kombinasjon som går ut over tenestene.

Byggesaksordning der vi kjøper tenester frå Skodje kommune, har vore i drift heile 2017 og har fungert veldig godt. Det har vore behandla fleire klagesaker i tenesta i 2017, både administrativt og politisk. God dialog i forkant er ein fordel for å unngå klagar, men å klage er samstundes ein lovfesta rett. Det er viktig at det offentlege ordskiftet held seg på eit sakleg og konstruktivt nivå. Kommunen må bidra til dette.

I 2017 var det ca 560 bustadar og ca 255 fritidsbustadar i kommunen, tala er bruken av bygninga. Når det gjeld nybygg, fekk 8 bustadar og 2 fritidsbustader ferdigattest i 2017.



Prioriterte tiltak for 2017

Prosjekt	Planer	Brannforebygging
<ul style="list-style-type: none"> •God prosjektstyring på samtlige investeringsprosjekt •Utskifting av vassleidninger •Sandøytunet 	<ul style="list-style-type: none"> •Bygge- og delingssaker •Reguleringsplanar •Trafikktryggingsplan 	<ul style="list-style-type: none"> •Brannsikring av tett trehusbebyggelse i Onagarden og Husøygarden •Brannførebyggande aktiviteter •Ny brannordning

Oppfølging og status

- God prosjektstyring på samtlige investeringsprosjekt har kontinuerleg fokus.
- Utskifting av vassleidningar. Utført etappe ein og to.
- Eininga har delteke i prosjektet Sandøytundet.
- Bygge- og delingssaker er behandla i tråd med fristar.
- Reguleringsplanar er behandla i tråd med fristar.
- Trafikktryggingsplan vart ikkje utført.
- Brannsikring av tett trehusbebyggelse i Onagarden og Husøygarden er utført.
- Brannførebyggande aktivitetar er utført.
- Ny brannordning vert ikkje utarbeidd. Vår ROS-analyse blir brukt i ny brannordning for nye Ålesund.

